



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer:	937 897 464
Organisasjonsform:	Sparebank
Foretaksnavn:	ETNE SPAREBANK
Forretningsadresse:	Etnesjøen 5590 ETNE

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2020 - 31.12.2020
-------------------------	-------------------------

### Konsern

Mørselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Ja

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	IFRS
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet:	IFRS

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Rune Ramsvik
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	25.02.2021

### Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 31.03.2022



### Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Renteinntekter og liknande inntekter</b>			
Renter og liknande inntekter av utlån til og krav på kredittinstitusjonar		278 178	1 226 054
Renter og liknande inntekter av utlån til og krav på kundar		50 883 693	57 516 251
Renter og liknande inntekter av sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir		52 090	233 176
<b>Sum renteinntekter og liknande inntekter</b>		<b>51 213 961</b>	<b>58 975 481</b>
<b>Rentekostnader og liknande kostnader</b>			
Renter og liknande kostnader på gjeld til kredittinstitusjonar		1 982 128	3 342 468
Renter og liknande kostnader på innskot frå og gjeld til kundar		12 333 419	17 970 988
Renter og liknande kostnader på utskrivne verdipapir		2 792 109	4 826 684
Andre rentekostnader og liknande kostnader		1 369 725	1 066 306
<b>Sum rentekostnader og liknande kostnader</b>		<b>18 477 381</b>	<b>27 206 446</b>
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>		<b>32 736 580</b>	<b>31 769 035</b>
<b>Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning</b>			
Inntekter av aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning		17 370 112	7 571 868
<b>Sum utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning</b>		<b>17 370 112</b>	<b>7 571 868</b>
<b>Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester</b>			
Garantiprovisjon		157 230	164 944
Andre gebyr og provisjonsinntekter		11 681 221	10 625 667
<b>Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester</b>		<b>11 838 451</b>	<b>10 790 611</b>
<b>Provisjonskostnader og andre kostnader ved banktenester</b>			
Andre gebyr og provisjonskostnader		1 294 364	1 245 167
<b>Sum provisjonskostnader og kostnader ved banktenester</b>		<b>1 294 364</b>	<b>1 245 167</b>
<b>Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmiddel</b>			
Netto verdiendring og gevinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir		2 139	-162 486



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning		7 180 150	1 966 080
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle derivat		358 520	409 203
<b>Sum netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmiddel</b>		<b>7 540 809</b>	<b>2 212 797</b>
<b>Andre driftsinntekter</b>			
Andre driftsinntekter		246 732	-94 964
<b>Sum andre driftsinntekter</b>		<b>246 732</b>	<b>-94 964</b>
<b>Lønn og generelle administrasjonskostnader</b>			
Lønn		10 881 091	10 710 988
Pensjonar		1 126 972	1 459 833
Sosiale kostnader		2 590 645	2 646 173
<b>Lønn m.v.</b>		<b>14 598 708</b>	<b>14 816 994</b>
Administrasjonskostnader		10 388 005	9 403 007
<b>Sum lønn og generelle administrasjonskostnader</b>		<b>24 986 713</b>	<b>24 220 001</b>
<b>Avskrivningar m.m. av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar</b>			
Ordinære avskrivningar		659 608	653 128
<b>Sum avskrivningar m.m. av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar</b>		<b>659 608</b>	<b>653 128</b>
<b>Andre driftskostnader</b>			
Driftskostnader faste eigedommar		1 495 759	1 418 182
Andre driftskostnader		1 941 219	2 342 799
<b>Sum andre driftskostnader</b>		<b>3 436 978</b>	<b>3 760 981</b>
<b>Tap på utlån, garantiar m.m.</b>			
Tap på utlån		3 054 688	225 484
<b>Sum tap på utlån, garantiar m.v.</b>		<b>3 054 688</b>	<b>225 484</b>
<b>Nedskrivning/reversering av nedskrivning av gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmiddel</b>			
Gevinst/tap		518 412	
<b>Sum nedskrivning/reversering av nedskrivning og gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmiddel</b>		<b>518 412</b>	<b>0</b>



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>Resultat av ordinær drift</b>		<b>36 818 745</b>	<b>22 144 586</b>
Skatt på ordinært resultat		7 077 580	4 761 059
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>29 741 165</b>	<b>17 383 527</b>
<b>Resultat av ekstraordinære poster</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Resultat for rekneskapsåret</b>		<b>29 741 165</b>	<b>17 383 527</b>
Andre resultatkomponent for IFRS-føretak		-83 689	
<b>Totalresultat</b>		<b>29 657 476</b>	
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Overført til fond for vurderingsskilnader		6 847 479	
Overført til fond i sparebanken		20 994 296	16 383 528
Overført til gåvefond og/eller gaver		1 000 000	1 000 000
Overført til annan egenkapital		815 701	
<b>Sum disponeringar og overføringer</b>		<b>29 657 476</b>	<b>17 383 528</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
Kontantar og krav på sentralbankar		92 138 920	93 929 825
<b>Utlån til og krav på kredittinstitusjonar</b>			
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid eller oppseiingsfrist		105 120 955	109 718 042
<b>Sum netto utlån og krav på kredittinstitusjonar</b>		<b>105 120 955</b>	<b>109 718 042</b>
<b>Utlån og krav på kundar</b>			
<b>Factoring</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
Kasse-/drifts- og brukskredittar		289 528 582	304 396 398
Byggjelån		10 604 986	31 625 783
Nedbetalingslån		1 210 187 644	1 190 134 071
Andre utlån		375 403	
Nedskrivning på individuelle utlån		673 329	922 546
Nedskrivning på grupper utlån		2 262 351	1 090 000
<b>Sum netto utlån og krav på kundar</b>		<b>1 507 760 935</b>	<b>1 524 143 706</b>
Overtekne eignedelar		8 108 000	
<b>Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning</b>			
<b>Utskrive av det offentlege</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
Sertifikat og obligasjonar		672 639	3 691 057
<b>Utskrive av andre</b>		<b>672 639</b>	<b>3 691 057</b>
<b>Sum sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning</b>		<b>672 639</b>	<b>3 691 057</b>
<b>Aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning</b>			
Aksjar, partar og grunnfondsbevis		271 455 654	235 882 517
<b>Sum aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning</b>		<b>271 455 654</b>	<b>235 882 517</b>
<b>Eigarinteresser i tilknytte selskap</b>			
Eigarinteresser i andre tilknytte selskap		10 736 463	10 736 465
<b>Sum eigarinteresser i tilknytte selskap</b>		<b>10 736 463</b>	<b>10 736 465</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>Eigarinteresser i konsernselskap</b>			
<b>Sum eigarinteresser i konsernselskap</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Utsett skattefordel			2 411 223
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>0</b>	<b>2 411 223</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Maskinar, inventar og transportmiddel		1 297 059	720 329
Bygningar og andre faste egedommar		2 822 729	4 162 850
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>4 119 788</b>	<b>4 883 179</b>
<b>Andre egedelar</b>			
Andre egedelar		11 700 600	10 270 559
<b>Sum andre egedelar</b>		<b>11 700 600</b>	<b>10 270 559</b>
<b>Forskotsbetalte kostnader som ikkje er kome til og opptente ikkje mottekne inntekter</b>			
Opptente ikkje mottekne inntekter			4 856 437
Andre forskotsbetalte kostnader som ikkje er kome til			877 570
<b>Sum forskotsbetalte kostnader som ikkje er kome til og opptente ikkje mottekne inntekter</b>		<b>0</b>	<b>5 734 007</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>2 011 813 954</b>	<b>2 001 400 580</b>
<b>BALANSE - GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
<b>GJELD</b>			
<b>Gjeld til kredittinstitusjonar</b>			
Lån og innskot frå kredittinstitusjonar med avtalt løpetid eller oppseiingsfrist		65 068 448	105 000 000
<b>Sum gjeld til kredittinstitusjonar</b>		<b>65 068 448</b>	<b>105 000 000</b>
<b>Innskot frå og gjeld til kundar</b>			
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		1 034 164 428	962 154 328
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		500 129 573	540 709 654



### Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Sum innskot frå og gjeld til kundar</b>		<b>1 534 294 001</b>	<b>1 502 863 982</b>
<b>Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir</b>			
Obligasjonsgjeld		100 235 022	119 947 010
<b>Sum gjeld teken opp ved utskriving av verdipapir</b>		<b>100 235 022</b>	<b>119 947 010</b>
<b>Anna gjeld</b>			
Anna gjeld		7 150 177	9 896 564
<b>Sum anna gjeld</b>		<b>7 150 177</b>	<b>9 896 564</b>
<b>Avsetjingar for kostnader som er kome til og plikter</b>			
Pensjonsplikter		3 325 555	3 291 561
Andre avsetjingar for kostnader som er kome til og plikter		4 420 889	2 556 654
<b>Sum avsetjingar for kostnader som er kome til og plikter</b>		<b>7 746 444</b>	<b>5 848 215</b>
<b>Ansvarleg lånekapital</b>			
Evigvarande ansvarleg lånekapital		25 000 000	
Annan ansvarleg lånekapital			45 000 000
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>		<b>25 000 000</b>	<b>45 000 000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>1 739 494 092</b>	<b>1 788 555 771</b>
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital/grunnfondsbeviskapital		20 130 167	
<b>Selskapskapital</b>		<b>20 130 167</b>	<b>0</b>
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>20 130 167</b>	<b>0</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Sparebanken sine fond		232 784 106	211 789 809
Gåvefond		1 907 000	1 055 000
Fond for verdiendringar		17 498 589	
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>252 189 695</b>	<b>212 844 809</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>272 319 862</b>	<b>212 844 809</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>2 011 813 954</b>	<b>2 001 400 580</b>



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>			
Vilkårsbundne plikter		11 109 000	11 835 000



### Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Renteinntekter og liknande inntekter</b>			
Renter og liknande inntekter av utlån til og krav på kredittinstitusjonar		278 178	1 226 054
Renter og liknande inntekter av utlån til og krav på kundar		50 883 693	57 516 251
Renter og liknande inntekter av sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir		52 090	233 176
<b>Sum renteinntekter og liknande inntekter</b>		<b>51 213 961</b>	<b>58 975 481</b>
<b>Rentekostnader og liknande kostnader</b>			
Renter og liknande kostnader på gjeld til kredittinstitusjonar		1 982 128	3 342 468
Renter og liknande kostnader på innskot frå og gjeld til kundar		12 333 419	17 970 988
Renter og liknande kostnader på utskrivne verdipapir		2 792 109	4 826 684
Andre rentekostnader og liknande kostnader		1 369 259	1 066 380
<b>Sum rentekostnader og liknande kostnader</b>		<b>18 476 915</b>	<b>27 206 520</b>
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>		<b>32 737 046</b>	<b>31 768 961</b>
<b>Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning</b>			
Inntekter av aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning	4b	17 370 112	7 571 868
<b>Sum utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning</b>		<b>17 370 112</b>	<b>7 571 868</b>
<b>Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester</b>			
Garantiprovisjon		157 230	164 944
Andre gebyr og provisjonsinntekter		11 681 221	10 625 667
<b>Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester</b>		<b>11 838 451</b>	<b>10 790 611</b>
<b>Provisjonskostnader og andre kostnader ved banktenester</b>			
Andre gebyr og provisjonskostnader		1 294 364	1 245 167
<b>Sum provisjonskostnader og kostnader ved banktenester</b>		<b>1 294 364</b>	<b>1 245 167</b>
<b>Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmiddel</b>			
Netto verdiendring og gevinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir		2 139	-162 486



## Konsernets resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning		7 180 150	1 966 080
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle derivat		358 520	409 203
<b>Sum netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmiddel</b>		<b>7 540 809</b>	<b>2 212 797</b>
<b>Andre driftsinntekter</b>			
Driftsinntekter faste eiendommar		183 764	462 696
Andre driftsinntekter		246 732	-94 964
<b>Sum andre driftsinntekter</b>		<b>430 496</b>	<b>367 732</b>
<b>Lønn og generelle administrasjonskostnader</b>			
Lønn		10 881 091	10 710 988
Pensjonar		1 126 972	1 459 833
Sosiale kostnader		2 590 645	2 646 173
<b>Lønn m.v.</b>		<b>14 598 708</b>	<b>14 816 994</b>
Administrasjonskostnader		10 388 005	9 403 007
<b>Sum lønn og generelle administrasjonskostnader</b>		<b>24 986 713</b>	<b>24 220 001</b>
<b>Avskrivningar m.m. av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar</b>			
Ordinære avskrivningar	5b	1 177 896	1 096 505
<b>Sum avskrivningar m.m. av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar</b>		<b>1 177 896</b>	<b>1 096 505</b>
<b>Andre driftskostnader</b>			
Driftskostnader faste eiendommar		1 209 118	1 111 226
Andre driftskostnader		1 941 219	2 342 799
<b>Sum andre driftskostnader</b>		<b>3 150 337</b>	<b>3 454 025</b>
<b>Tap på utlån, garantiar m.m.</b>			
Tap på utlån	2	3 054 688	225 484
<b>Sum tap på utlån, garantiar m.v.</b>		<b>3 054 688</b>	<b>225 484</b>
<b>Nedskrivning/reversering av nedskrivning av gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmiddel</b>			
Gevinst/tap		518 412	
<b>Sum nedskrivning/reversering av nedskrivning og gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmiddel</b>		<b>518 412</b>	<b>0</b>



## Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>Resultat av ordinær drift</b>		<b>36 771 328</b>	<b>22 470 787</b>
Skatt på ordinært resultat		7 067 045	4 832 839
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>29 704 283</b>	<b>17 637 948</b>
<b>Resultat av ekstraordinære poster</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Resultat for rekneskapsåret</b>		<b>29 704 283</b>	<b>17 637 948</b>
Andre resultatkomponent for IFRS-føretak		-83 689	
<b>Totalresultat</b>		<b>29 620 594</b>	
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Overført til fond i sparebanken		28 620 594	16 637 949
Overført til gåvefond og/eller gaver		1 000 000	1 000 000
<b>Sum disponeringar og overføringer</b>		<b>29 620 594</b>	<b>17 637 949</b>



### Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
Kontantar og krav på sentralbankar		92 138 920	93 929 825
<b>Utlån til og krav på kredittinstitusjonar</b>			
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid eller oppseiingsfrist		105 120 955	109 718 042
<b>Sum netto utlån og krav på kredittinstitusjonar</b>		<b>105 120 955</b>	<b>109 718 042</b>
<b>Utlån og krav på kundar</b>			
<b>Factoring</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
Kasse-/drifts- og brukskredittar		289 528 582	304 396 398
Byggjelån		10 604 986	31 625 783
Nedbetalingslån		1 210 187 644	1 190 134 071
Andre utlån		375 403	
Nedskrivning på individuelle utlån		673 329	922 546
Nedskrivning på grupper utlån		2 262 351	1 090 000
<b>Sum netto utlån og krav på kundar</b>		<b>1 507 760 935</b>	<b>1 524 143 706</b>
Overtekne eignedelar		8 108 000	
<b>Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning</b>			
<b>Utskrive av det offentlege</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
Sertifikat og obligasjonar		672 639	3 691 057
<b>Utskrive av andre</b>		<b>672 639</b>	<b>3 691 057</b>
<b>Sum sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning</b>		<b>672 639</b>	<b>3 691 057</b>
<b>Aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning</b>			
Aksjar, partar og grunnfondsbevis		271 455 654	235 882 517
<b>Sum aksjar, partar og andre verdipapir med variabel avkastning</b>		<b>271 455 654</b>	<b>235 882 517</b>
<b>Eigarinteresser i tilknytte selskap</b>			
<b>Sum eigarinteresser i tilknytte selskap</b>		<b>0</b>	<b>0</b>



## Konsernets balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>Eigarinteresser i konsernselskap</b>			
<b>Sum eigarinteresser i konsernselskap</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Utsett skattefordel	10a	-748 619	2 492 095
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>-748 619</b>	<b>2 492 095</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Maskinar, inventar og transportmiddel		1 297 059	720 329
Bygningar og andre faste egedommar		9 473 917	11 332 327
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	5b	<b>10 770 976</b>	<b>12 052 656</b>
<b>Andre egedelar</b>			
Andre egedelar		12 592 783	10 270 559
<b>Sum andre egedelar</b>		<b>12 592 783</b>	<b>10 270 559</b>
<b>Forskotsbetalte kostnader som ikkje er kome til og opptente ikkje mottekne inntekter</b>			
Opptente ikkje mottekne inntekter			4 856 437
Forskotsbetalte kostnader som ikkje er kome til			877 570
<b>Sum forskotsbetalte kostnader som ikkje er kome til og opptente ikkje mottekne inntekter</b>		<b>0</b>	<b>5 734 007</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>2 007 872 243</b>	<b>1 997 914 464</b>
<b>BALANSE - GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
<b>GJELD</b>			
<b>Gjeld til kredittinstitusjonar</b>			
Lån og innskot frå kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid eller oppseiingsfrist		65 068 448	105 000 000
<b>Sum gjeld til kredittinstitusjonar</b>	6a	<b>65 068 448</b>	<b>105 000 000</b>
<b>Innskot frå og gjeld til kundar</b>			
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		1 034 164 428	962 154 328
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		500 129 573	540 709 654
<b>Sum innskot frå og gjeld til kundar</b>		<b>1 534 294 001</b>	<b>1 502 863 982</b>



### Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir</b>			
Obligasjonsgjeld		100 104 855	119 947 010
<b>Sum gjeld teken opp ved utskriving av verdipapir</b>	6a	<b>100 104 855</b>	<b>119 947 010</b>
<b>Anna gjeld</b>			
Anna gjeld	6c	5 176 397	8 148 195
<b>Sum anna gjeld</b>		<b>5 176 397</b>	<b>8 148 195</b>
<b>Avsetjingar for kostnader som er kome til og plikter</b>			
Pensjonsplikter	9d	3 325 555	3 291 561
Utsett skatt		4 158 196	
Spesifiserte avsetjingar på garantiansvar		314 936	
Andre avsetjingar for kostnader som er kome til og plikter			2 672 031
<b>Sum avsetjingar for kostnader som er kome til og plikter</b>		<b>7 798 687</b>	<b>5 963 592</b>
<b>Ansvarleg lånekapital</b>			
Evigvarande ansvarleg lånekapital		25 000 000	25 000 000
Annan ansvarleg lånekapital			20 000 000
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>		<b>25 000 000</b>	<b>45 000 000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>1 737 442 388</b>	<b>1 786 922 779</b>
<b>EIGENKAPITAL</b>			
<b>Innskoten egenkapital</b>			
Aksjekapital/grunnfondsbeviskapital		20 130 167	
<b>Selskapskapital</b>		<b>20 130 167</b>	<b>0</b>
<b>Sum innskoten egenkapital</b>		<b>20 130 167</b>	<b>0</b>
<b>Opptent egenkapital</b>			
Fond for vurderingsskilnader		-1 082 781	
Sparebanken sine fond		230 894 098	209 936 684
Gåvefond		1 907 000	1 055 000
Fond for verdiendringar		18 581 370	
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>250 299 687</b>	<b>210 991 684</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>270 429 854</b>	<b>210 991 684</b>



## Konsernets balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>2 007 872 242</b>	<b>1 997 914 463</b>
<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>			
Vilkårsbundne plikter		11 109 000	11 835 000



Langfoss og Åkrafjorden. Foto: Anne Mette Klungland

# ÅRSRAPPORT 2020



ETNE SPAREBANK

*- med heile vegen*



## INNHALD

Nøkkeltal .....	3
Tillitsvalde og leiing i Etne Sparebank 2020 .....	4
Styret si årsmelding for 2020 .....	5
Resultatrekneskap .....	16
Balanse .....	17
Tilleggsopplysningar til rekneskapen .....	19
Note 1 Generelle rekneskapsprinsipp .....	21
Note 2 Utlån og garantiar .....	30
Note 3 Ihendehavarobligasjonar .....	43
Note 4 Aksjebeholdning .....	43
Note 5 Varige driftsmidlar .....	46
Note 6 Gjeld .....	47
Note 7 Ansvarleg kapital .....	49
Note 8 Finansiell risiko .....	51
Note 9 Opplysningar vedkommande tilsette og tillitsvalde .....	53
Note 10 Skatt og andre tilleggsopplysningar .....	55
Kontantstraumoppstilling .....	57
Uavhengig revisors beretning – Deloitte AS .....	58



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

Lønnsomhet	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2018	31.12.2017
Kostnadsindeks	48,77 %	58,41 %	75,21 %	64,43 %
Driftskostnader i GFK	1,43 %	1,43 %	1,69 %	1,54 %
Eigenkapitalrentabilitet	10,95 %	11,12 %	9,78 %	9,91 %
Resultat før skatt i GFK	1,83 %	1,12 %	0,77 %	0,90 %
Resultat etter skatt i GFK	1,48 %	0,88 %	0,59 %	0,72 %
Rentenetto	1,63 %	1,58 %	1,60 %	1,84 %
<b>Balansetal (MNOK)</b>	<b>31.12.2020</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>31.12.2018</b>	<b>31.12.2017</b>
Forvaltningskapital	2.008	1.997	1.980	1.849
FVK inkl Verd Boligkreditt	2.770	2.707	2.757	2.417
Brutto utlån	1.510	1.526	1.530	1.563
Lån overf. til Verd Boligkreditt	763	709	777	568
Brutto utlån inkl Verd Boligkreditt	2.273	2.235	2.307	2.131
Innskot frå kundar	1.534	1.503	1.447	1.369
Innskotsdekning eigen balanse	101,60%	99,50%	94,60%	87,60%
Innskotsdekning inkl Verd Boligkreditt	67,50%	67,20%	62,70%	64,20%
<b>Vekst (YoY)</b>	<b>31.12.2020</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>31.12.2018</b>	<b>31.12.2017</b>
Vekst forvaltningskapital	0,50%	0,90%	7,00%	9,89%
Vekst fvk inkl Verd Boligkreditt	2,36%	-1,83%	13,98%	13,36%
Utlån eigen balanse	-1,04%	-0,25%	-2,11%	6,29%
Overført til Verd av totale utlån	33,50%	31,70%	33,70%	26,70%
Utlån inkl Verd Boligkreditt	1,70%	-3,12%	8,24%	10,99%
Innskotsvekst	2,09%	3,88%	5,68%	4,04%
<b>Tap og misleghald</b>	<b>31.12.2020</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>31.12.2018</b>	<b>31.12.2017</b>
Tapsprosent utlån	0,15%	0,01%	0,12%	0,27%
Misleghaldne engasjement	3.806	4.590	5.525	8.933
Gruppenedskrivningar	2.262	1.090	1.225	1.025
Individuelle nedskrivningar	673	923	700	4.740
<b>Soliditet</b>	<b>31.12.2020</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>31.12.2018</b>	<b>31.12.2017</b>
Rein kjernekapital	17,33%	16,99%	16,89%	17,30%
Kjernekapital	19,22%	19,09%	19,06%	17,30%
Kapitaldekning	21,57%	21,71%	21,78%	17,30%
Rein kjernekapital konsolidert	16,71%	16,42%	15,78%	
Kjernekapital konsolidert	18,46%	18,25%	17,85%	
Kapitaldekning konsolidert	20,69%	20,57%	20,50%	
<b>Likviditet</b>	<b>31.12.2020</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>31.12.2018</b>	<b>31.12.2017</b>
LCR	162	505	275	118
NSFR	303	162	150	144
Leverage ratio konsolidert	9,13%	7,38%	7,62%	8,24%



## TILLITSVALDE OG LEIING I ETNE SPAREBANK

### Styret

<i>Sveinung Eskeland</i>	Leiar
<i>John Karsten Hustveit</i>	Nestleiar
<i>Torunn Fjæra Grindheim</i>	Styremedlem
<i>Frode Storsæther Robberstad</i>	Styremedlem
<i>Elin Hegerland Hjelvik</i>	Tilsettere representant
<hr/>	
<i>Sigurd Birkenes</i>	Varamedlem
<i>Berit Johansen</i>	Varamedlem tilsettere representant

### Generalforsamling

<i>Asbjørn Moe</i>	Leiar
<i>Frode Grindheim</i>	
<i>Terje Engelsgjerd</i>	
<i>Sigve Fitje</i>	
<i>Frode Haugen</i>	
<i>Ingeborg Nervik</i>	
<i>Edvar Tjelmeland</i>	
<i>Anne Elin Ljusnes Sævareid</i>	
<i>Audny Åsheim</i>	
<i>Signe Ellen Fjæra</i>	Tilsettere representant
<i>Eli Gravelseter</i>	Tilsettere representant
<i>Siren Haugland Gundersen</i>	Tilsettere representant
<hr/>	
<i>Sindre Jacobsen</i>	Varamedlem
<i>Tone Lise Moe Strømø</i>	Varamedlem
<i>Torbjørn Årak Grønstad</i>	Varamedlem
<i>Mats Østenstad</i>	Varamedlem tilsettere representant

### Administrativ leiing

<i>Rune Ramsvik</i>	Banksjef
<i>Paul Rune Velde</i>	Ass. Banksjef/Leiar kundaretta avdeling
<i>Wenche Vik Thorson</i>	Økonomisjef/Leiar intern avdeling



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

## STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2020

### Oppsummering av drifta

- Forvaltningskapitalen er auka med 0,50% og er i beløp kr 2,01 mrd.
- Forvaltningskapital inkludert overføringer til Verd Boligkreditt er auka med 2,36% til 2,77 mrd.
- Brutto utlån ekskl. utlån overført til Verd er redusert med 1,04% og er kr. 1,51 mrd. Overføring av lån til Verd Boligkreditt er på kr. 0,76 mrd. Inkludert overføringer til Verd Boligkreditt er det vekst i brutto utlån på 1,70%.
- 12 mndr. veksten på innskot er 2,09% og er nå kr. 1,53 mrd.
- Banken har hatt tilfredsstillande likviditet i 2020. Banken sin LCR ved utgangen av året var 162%.
- Utlånsdelen som er finansierte av kundeinnskot var ved utgangen av året på 101,6%. I fjor var denne på 98,5%.
- Soliditeten er god, med ein opptent eigenkapital på kr. 250,30 mill. eller 12,47% av FVK, total eigenkapital på kr 270,30 mill og ei kapitaldekning etter konsolidering av samarbeidende føretak på 20,69%, kjernekapitaldekning 18,46% og ren kjernekapitaldekning 16,71.
- Rentenettoen i prosent av gj.sn. forv.kap. utgjør 1,59%.
- Årsresultatet før skatt for konsern er kr. 36,77 mill og utgjør 1,83% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For morbank var årsresultat før skatt kr 36,82 mill.

### Marknad

Ved utgangen av året hadde me i alt 5.924 aktive person- og næringslivskundar. Av desse bur 53% i Etne Kommune, 27% i Rogaland, 10% i Hordaland elles og 11% i andre fylke. Kr. 841 mill. eller 55% av innskota tilhøyrer innanbygds kundar.

Kredittengasjement med innabygds kundar utgjorde kr. 1.160 mill. eller 51%. Utflating i auken i utlåna både innan og utanfor kommunen kan i all hovudsak knytast til overføring av utlån til Verd Boligkreditt AS og reduksjon i lån til verksemdar.

### Næringar

Industriarbeidsplassane i Etne er for det meste lokaliserte til tettstadene Etnesjøen og Skånevik der verksemdene også har internasjonal marknad for produkta sine.

Handelsnæringa i distriktet tilbyr oss eit breitt spekter av varer og tenester. Slik har det vore i lang tid. Trass aukande konkurstrater i detaljhandelen i landet siste året, er det optimisme å spore også i denne næringa lokalt.

### Kredittformidling

Etne Sparebank ønskjer å yta naudsynt kreditt. Me skal vera ein solid medspelar i lokal-samfunnet og ein god bank for kundane våre. For å kunna vera kredittytar, er me avhengig av å ha midlar å låna ut. Det er såleis primært innskytarane som set oss i stand til å driva med utlånsverksemd.

Me legg vinn på ei så forretningsmessig rett prising overfor kundane som råd er, både når det gjeld innskot og utlån. Det er eit mål at summen av våre vilkår og vår kundehandsaming skal vera så god at vanlege totalkundar i Etne kommune ikkje skal ha grunn til å gå til andre bankar. Me arbeider også for at kundar frå andre kommunar skal ha grunn til å sjå på Etne Sparebank som eit godt alternativ til andre banktilbod, særleg frå Vindafjord, som ligg i banken sin strategiske marknadsområde.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

## Produkt

Etne Sparebank tek mål av seg å vera ein totalleverandør av finanstjenester som normalt vert etterspurde av kundane. I tillegg til dei tradisjonelle tenestene som sparing, utlån og betalingsformidling, formidlar me nå følgjande;

- Skade- og livsforsikring
  - Frende Forsikring
- Fondsformidling
  - Heimdalfondene
- Bustadformidling
  - Egedomsmeidler A
- Leasing, billån og båtlån
  - Brage Finans

## DSS – De Samarbeidende Sparebanker AS

Etne Sparebank er med i ei gruppering av ni sparebankar (Etne, Flekkefjord, Haugesund, Lillesand, Luster, Skudenes & Aakra, Spareskillingsbanken, Søgne & Greipstad og Voss). DSS er etablert som eige aksjeselskap og er hovudsakleg eit samarbeid rundt IT og teknologi, samt forretningsutvikling, avtaleforvaltning og koordinering. Dei siste åra har me sett behov for å auke samarbeidet rundt ein del felles administrative oppgåver.

## Internkontroll og risikovurdering

Etne Sparebank si verksemd kan føra med seg ei rekkje risikoar. Eit vesentleg element i risikostyringa i ein lokal sparebank er den evna styret og administrasjonen har til å reagere raskt og effektivt når det skjer uventa hendingar (som kan true banken sin soliditet, sikkerheit eller omdøme) som krev raske og løysingsorienterte vedtak. Basert på ein oversikteleg organisasjon og korte kommunikasjonsvegar, er styret av den formeining at Etne Sparebank har ei slik evne, for eksempel ved å kunne møtast raskt for å finne praktiske og fleksible løysingar når behovet skulle tilseie det.

Styret har som overordna mål at risikotilhøva i banken skal vera moderate. I samsvar med Finanstilsynet si forskrift om internkontroll har styret vedteke prinsipp for internkontroll i Etne Sparebank. Ut frå dette er det utarbeidd eit internkontrollsystem med m.a. rutinar og skjematisk kontrollopplegg for viktige område i banken. Verdivurderinga for lån og garantiar som vert føreteke kvart kvartal er også ein viktig del av internkontrollen.

Avdelingsleiarane har vurdert kontrolltiltak og risikoen innan sine område og rapportert dette til banksjef. På bakgrunn av det rapporterte har banksjef føreteke ei totalvurdering av aktuelle risikoar og rapportert til styret, som igjen har vurdert om det er etablert ein forsvarleg internkontroll etter dei retningslinjer som gjeld. Vidare ligg det føre rapport frå ekstern revisor til styret og banksjef om status for internkontroll. Gjennom månadlege oversikter på sentrale nøkkeltal, periodiske oversikter på kredittporteføljor og jamleg rapportering av marknadssituasjonen, får styret god innsikt i banken sin samla risikoeksponering.

Me har eit risikostyringsverktøy tilpassa krava som følgjer av Basel II-direktivet og internkontrollforskrifta. Dette verktøyet gir eit godt grunnlag for styret til å vurdere dei omtalte risikoområda i årsmeldinga. Vidare gjennomfører me årlege kvantitative utrekningar av naudsynt eigenkapital etter ICAAP-metoden. Det vert utarbeidd eit eige rapporterings-dokument etter malen i Pilar III i Basel II. Dette vert lagt ut på heimesida til Etne Sparebank.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

Ut frå dei rapportar som ligg føre meiner styret at den etablerte og gjennomførte intern-kontrollen syner at risikotilhøva i banken vert handsama på ein tilfredsstillande måte.

### Finansiell risiko

Finansiell risiko som banken fokuserer på kan inndelast i marknads-, kreditt- og likviditetsrisiko.

**Marknadsrisikoen** er samansett av rente-, valuta- og aksje-kursrisiko.

**Renterisiko** er risiko for at verdien av eigarar og gjeld vert endra på grunn av rente-endringar i samfunnet. Ved utgangen av 2020 har me ikkje fastrenteinnskot og difor ikkje risikoeksponering her. Ordinære fastrentelån utgjer kr. 55,73 mill. og har ei gjennomsnittleg attverande løpetid fram til renteregulering på 1,08 år. Ved ei renteendring på 2 %, vil renterisikoen her vera kr. 1,21 mill. Resten av innskot og utlån er til flytande rente. Ved svingingar i marknaden kan renta endrast på relativt kort varsel og medfører dermed ikkje nokon vesentleg renterisiko. Renterisikoen på verdipapir er knytt til obligasjons- og rentefondbeholdninga på kr. 161,64 mill. Gjennomsnittleg attverande løpetid fram til renteregulering er 0,19 år. Ved ei renteendring på 2 % skulle renterisikoen bli om lag kr. 0,63 mill. Netto renterisiko totalt er kr. 0,95 mill.

### Valutakursrisiko

Fremand valuta i eigen balanse utgjer kr. 0,25 mill og består kun av reisevaluta, hovudsakleg EUR. Dersom me skulle oppleve ein plutselig kursnedgang på 20% vil kursrisikoen vår utgjera kr. 0,05 mill.

### Aksjekursrisiko

Marknadsverdien (bokført verdi) av banken sin plasseringar i aksjar, eigenkapitalbevis og fonsandelar er på kr 272,14 mill, ein oppgong på kr 36,2 mill. frå året før. Endringa skuldast hovudsakleg plassering av overskotslikviditet i pengemarknadsfond og strategiske aksjepostar. Av total behaldning av aksjar og andelar på kr 272,14 mill. er kr 107,47 mill. langsiktige, strategiske aksjeinvesteringar og klassifisert som anleggsmiddel.

**Kredittrisiko** er risikoen for at ein kunde eller motpart ikkje kan gjera opp for seg på ein skikkeleg måte. Kredittrisiko representerer den største risikokategorien for banken og relaterer seg til alle fordringane på kundar, i hovudsak utlån og garantiar. 3,3% av utlåna kjem i høgrisikoklasse. Delen av lån i høgrisikoklasse har gått ned det siste året (4,5% i 2019).

I banken sin kredittpolitikk som er vedteken i styret i Etne Sparebank har me som mål å halda den reelle risikoen på eit akseptabelt nivå, både gjennom vurdering av nye engasjement og oppfølging av eksisterande. Den kvartalsvise verddivurderinga på utlån og garantiar og den daglege kontakten med enkeltkundar og oppfølging elles, meiner me er med på å gi oss ei god føling med utviklinga i risikoen. Ved innvilging av nye lån vert det lagt vekt på kunden si betalingssevne og erfart vilje i tillegg til formell sikkerheit.

Misleghald og overtrekk vert overvaka nøye, og styret får førelagt oversikt vedkommande misleghald og overtrekk kvartalsvis. Styret får også rapportert risikoklassifisering av alle store løpande engasjement minst kvart kvartal.

Netto misleghaldne engasjement har i året gått ned med kr. 0,78 mill til kr. 3,81 mill. Netto tapsutsette engasjement var kr. 0 ved utgangen av 2020.

I forhold til gjennomsnittleg forvaltningskapital vart dei bokførte tapa i 2020 på 0,15% (kr 3,05 mill) mot 0,01% (0,23 mill) året før.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

79,3% av kredittengasjementa er utlån og garantiar til personmarknaden (79,5% i 2019). Næringslåna utgjør 20,7% (20,5% i 2019). Delen av næringslån er dermed stabil siste året. Av enkeltnæringer er primærnæringsa størst med om lag 8% av brutto utlån.

Ut frå det rapporterte meiner styret at kredittrisikoen for utlån er akseptabel, og at han ligg innfor føretekte verdinedskrivingar på utlån og garantiar. Ein har ein stor del av utlåna til privatmarknaden (79%), der ein har ein relativt stor del av utlåna med pant i fast eigedom. Bedriftsmarknaden, som då utgjør 21% av dei totale utlåna, er 8% av næringslåna til primærnærings-/landbruk. Me skal likevel følgja utviklinga nøye med tanke på å halda kredittrisikoen under kontroll spesielt i den næraste tida framover.

Pr 31.12.20 har Etne Sparebank ei avsetning til nedskrivning på individuelle utlån på kr. 0,66 mill og ei avsetning til nedskrivning på grupper av utlån på kr. 2,26 mill. Samla avsetning i balansen vert då kr. 2,92 mill ved utgangen av året.

Ut frå rekneskapstala, prognosane og tal for misleghaldne engasjement (note 2a), bør framtidige endringar i kredittrisikoen med god margin kunna dekkjast gjennom drifta og dei avsetningane som er tekne. Ved investering i obligasjonar vert det lagt vinn på at både renterisikoen og kredittrisikoen skal vera moderat. Styret vurderer det slik at obligasjonsbeholdninga representerer svært liten kredittisiko.

**Likviditetsrisiko** er risikoen for at banken ikkje har nok likvide midlar til å betala forpliktingane etter kvart som dei forfell.

Styret er oppteken av likviditetsutviklinga i banken og vurderer nødvendige tiltak både med omsyn til utlån i forhold til innskotsutvikling og korleis me på best og tryggast måte kan sikra at me til ei kvar tid skal ha nok likvide midlar. Desse skaffar me gjennom ulike kjelder og med ulik løpetid - kortsiktige og langsiktige likviditetslån, sertifikatlån, obligasjonslån og obligasjonsliknande lån i Kredittforeninga for Sparebankar (KFS). Det har den seinare tida vore fokus i banken på å auke delen av finansieringa til å vera meir langsiktig. Verd Boligkreditt AS har også i 2020 vore eit godt finansieringsalternativ for banken.

Me satsar på å syta for at tilbakebetalingstidspunkta for dei midlane me skaffar utanom kundeinnskot skal ha ei god spreing. For tida er obligasjonslån og andre likviditetslån fordelte på forfallstider i 2021 – 2028, med ei jamn fordeling på dei ulike åra.

Det at innskota er fordelte på mange kundar, er også med på å redusera likviditetsrisikoen. Vidare har me etablert ei innskotsordning for større innskotskundar, der ein har rullerande oppseiingstid på innskota med 31 dagar.

Ved årsskiftet hadde me ei netto gjeld til andre kredittinstitusjonar medrekna obligasjonsgjeld på kr. 210 mill. Dette er ein reduksjon frå året før på kr. 60 mill. Kundeinnskota finansierte 101,6 % av utlåna. Innskotsdekning inkl. lån i Verd var 67,5%. Eit år tidlegare var 98,5 % finansierte på denne måten (67,2% inkl. lån til Verd).

Liquidity Coverage Ratio (LCR) ved utgangen av 2020 var 162%. Styret vurderer det slik at likviditetsrisikoen er låg.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

## Rekneskapsopplysningar

### Resultat

Resultat av ordinær drift etter skatt for konsernet er på kr 29.620.594,-. Resultat for morbank (etter avrekning med dotterselskap Etne Sparebank Eigedom AS) er kr. 29.657.476. Styret vil koma med framlegg om at resultatet (morbank) vert disponert slik:

Til fond for urealiserte gevinstar	kr. 6.847.479
Til hybridkapitaleigarar	kr. 815.701
Til gåvefond	kr. 1.000.000
Til Sparebankfondet	kr. 20.994.296
<b>Sum morbank</b>	<b>kr. 29.657.476</b>

Etter dette vil sparebankfondet vera på til saman kr. 230,89 mill for morbank og kr. 232,78 mill for konsernet. I tillegg kjem fond for urealiserte gevinstar og gåvefond. Sum eigenkapital for morbank er 272,32 mill og 270,30 for konsern. Styret seier seg svært nøgd med resultatet og kan stadfeste at alle økonomiske føresetnader for vidare drift av banken er til stades.

Driftsresultat før tap for konsern som i år er på kr. 39,83 mill., er kr. 17,13 mill. høgare enn i fjor. Me har hatt ein oppgong i rentenettoen på kr. 0,15 mill. Driftskostnadene har gått ned med kr. 0,03 mill. Netto andre driftsinntekter er 16,19 mill høgare enn i 2019. Hovudsakleg gjeld dette ei positiv endring i utbyttebetaling/reinvestert avkastning og provisjonsinntekter. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital har driftsresultatet før tap gått opp frå 1,13% i 2019 til 1,98% i 2020.

### Rentenetto

Rentenettoen, som er skilnaden mellom renteinntekter og renteutgifter, har i kroner gått opp i kroner med kr. 0,97 mill. til kr. 32,74 mill., og utgjer 1,63% av gjennomsnittleg forvaltningskapital mot 1,58% i fjor. Det er ei prioritert målsetjing å vera på eit nivå tilsvarande bankar me kan samanlikne oss med.

### Driftsinntekter

Netto driftsinntekter utanom rentenetto utgjer kr. 35,89 mill., slik at desse medrekna rentenetto kjem til kr. 68,62 mill. (morbank kr 68,44 mill). For eit år sidan utgjorde driftsinntektene utanom rentenetto kr. 19,70 mill. Samla inntekter utgjorde då kr. 51,47 mill.

Netto inntekter på valuta og finansielle investeringar utgjorde 24,91 mill per Q4 2020.

Aksjeporteføljja består i hovudsak av strategiske eigarpostar i banken sine produktselskap (Verd Boligkreditt AS, Brage Finans og Frende Holding AS med fleire). Aksjepostane er gjeldande frå Q1 2020, som en følge av overgang til IFRS, vurdert til verkeleg verdi. Sjå note 7 Verdipapir.

I marknaden for selskapsobligasjonar såg me i første kvartal 2020 ei kraftig auke i kredittpåslaga til nivå sist sett under finanskrisa. Sjå ytterlegare kommentarar til dette i rapporten for første kvartal. Utover året i 2020 nærma marknaden seg ei normalisering for obligasjonar som vert oppfatta som solide, gitt Covid-19 situasjonen. Me fekk difor relativt store svingingar på vår likviditetsplassering i Heimdal Høyrente, men ved årsslutt har denne likevel gitt god avkastning.

### Driftskostnadar

I 2020 utgjorde dei totale driftskostnadene før tap kr. 28,80 mill. (morbank kr. 28,56 mill) medan dei året før for konsernet utgjorde kr. 28,77 mill. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer dei samla driftskostnadene 1,43 % mot 1,43 % også i fjor.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

## Tap på utlån og garantiar

Tap på utlån og garantiar i året utgjer kr. 3,05 mill. Av dette utgjer endring i individuell nedskrivning kr. 0,58 mill, endring i gruppenedskrivning kr. 0,46 mill, konstatert tap som det tidlegare er føreteke individuell nedskrivning for kr. 3,23 mill og konstatert tap i året som det ikkje er føreteke individuell nedskrivning på for kr. 0,00. I tapskostnaden for året kjem i tillegg inngong på tidlegare konstatert tap samt amortiseringskostand (kr. -0,35 mil).

Samla brutto mislighaldne lån over 90 dagar er på 3,81 mill kroner eller 0,25% av brutto utlån mot 4,59 mill kroner og 0,30% på same tid i fjor. Netto misleghaldne lån utgjer 3,56 mill kroner. Brutto tapsutsette engasjement er redusert til kr.0.

Det er slik at å gi kreditt, inneber risiko for tap. Gjennom val av strategi for kven me gjev kreditt til og gode rutinar og retningslinjer for kven som får kreditt, meiner me å ha redusert vår risiko til eit akseptabelt nivå.

## Skatt

Skattekostnaden utgjer kr. 7,07 mill for konsernet (morbank kr. 7,08 mill).

## Balansen

**Forvaltningskapitalen** er auka med kr. 9,96 mill. til kr. 2,01 mrd. Dette er ein auke på 0,50%. I fjor var det ein oppgong på 0,90%. Om ein tek omsyn til overføring av lån til kredittføretak var det ein vekst i forvaltningskapital i 2020 på 2,36% (-1,83% i 2019).

## Innskot frå kundar

Innskota gjekk opp i 2020 med kr. 31,43 mill. til kr. 1.534 mill. Dette er ein oppgong på 2,09%. I 2019 var det ein oppgong på 3,88%.

## Utlån

I løpet av 2020 er utlåna i banken netto redusert med kr. 15,84 mill. til kr. 1.510 mill. Reduksjonen utgjer 1,04%. I 2019 hadde me ein netto utlånsreduksjon på 0,25%. Vekst i utlån er 1,70% dersom ein tek omsyn til overføring til VERD, mot -3,13% i 2019.

## Obligasjonar

Obligasjonane er i rekneskapen bokførte med kr. 0 mill. Dette er ein reduksjon frå året før på kr. 0,65 mill.

## Aksjar og eigenkapitalbevis

Ved utgangen av 2020 hadde me aksjar, fond og eigenkapitalbevis til ein bokført verdi på kr. 272,14 mill. Kr 107,47 av desse aksjane er strategiske langsiktige investeringar. I fjor bokførde me aksjar og eigenkapitalbevis med kr. 235,88 mill.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

## Pensjonsforpliktingar

Brutto pensjonsforpliktingar er summen av det dei tilsette har krav på i pensjon i samsvar med kollektiv pensjonsavtale med forsikringsselskapet DnB Liv, Avtalefesta Før tidspensjon (AFP), individuell avtale og utbetaling over drifta til ein pensjonist. Brutto utgjer dei usikra pensjonsforpliktingane kr. 3,33 mill. Dette utgjer også nettobeløpet då det ikkje lenger er overfinansiering av pensjonsforpliktingane. Pr 01.01.2015 vart pensjonsordninga konvertert frå ytelsespensjon til innskottspensjon og tilsette vart flytta over i ny ordning.

## Eigenkapitalen

Den bokførde eigenkapitalen auka i året med kr. 39,44 mill. og utgjer ved utgangen av året kr. 250,30 mill i opptent eigenkapital og 20,13 mill i innskutt eigenkapital; totalt k.r 270,43 mill, eller 13,47 % av forvaltningskapitalen. I fjor utgjorde eigenkapitalen 11,56 %. Eigenkapitalen er samansett av Sparebankfondet på kr. 230,89 mill., fond for urealisert gevinst kr. 18,58 og netto gåvefondet/annan eigenkapital på kr. 0,82 mill for konsernet. I tillegg kjem fondsobligasjonskapital på kr. 20,13 mill.

## Kapitaldekning

Den siste tida har fokuset på kapitaldekninga til bankane auka vesentleg. Dette har samanheng med finanskrisa i Europa og det arbeidet som pågår for å styrkje eigenkapitalen og dermed soliditeten til bankane, slik at ein ikkje får ei liknande krise. Det er nå avklara kva kapitalkrav bankane i Noreg må halde seg til. Me må difor ha fokus på auke i kapitaldekninga vår også i tida framover.

Grunnlaget for kapitaldekninga er utlån, andre plasseringar i verdipapir og postar utanom balansen som t.d. garantiar. Dei ulike summene vert vekta etter risiko. For å koma fram til kapitaldekningsprosenten, vert eigenkapitalen sett i forhold til det vekta berekningsgrunnlaget. Pr. 31.12.20 hadde banken ein individuell netto ansvarlig kapital på 229,7 mill kroner og individuell ren kjernekapitaldekning på 17,33%. Konsolidert var kapitaldekning på 20,70% mot 20,57% i fjor. Konsolidert kjernekapitaldekning var 18,46% og ren kjernekapitaldekning 16,71%. Banken sin eigarpostar på 7,8% i Verd Boligkreditt og 1,4% i Brage Finans inngår i banken sin konsoliderte kapitaldekning.

Konsolidert uvekta kjernekapitalandel utgjør 9,13%, LCR 162% og NSFR 303%.

Med eit aukande behov for å skaffa midlar frå andre, er det viktig at investorar ser på Etne Sparebank som ein solid og god bank. Difor har me vedteke ei målsetjing om å auke vår rene kjernekapitaldekning til minst eit nivå som tilsvarar bankar me kan samanlikne oss med. Fortrinnsvis skal dette skje gjennom justeringar av vår utlånsportefølje og styrking av eigenkapitalen gjennom gode resultat.

## Personale, arbeidsmiljø og likestilling

Ved utgangen av året var det 17 tilsette som tok seg av den daglege bankdrifta. Til saman dekkjer desse om lag 16 årsverk. Etter styret si vurdering har me eit godt arbeidsmiljø i Etne Sparebank. Samarbeidet mellom dei tillitsvalde og leiinga har vore god.

Sjukefråveret for året (inkl. sjukemelding og eigenmelding) vart 4,00%, mot 2,90% i 2019. Etne Sparebank har også siste året vore skåna for ulukker på arbeidsstaden. Styret kan ikkje sjå at Etne Sparebank er med på å forureina det ytre miljø i større grad enn det som er normalt og akseptert.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

Av 17 tilsette er 14 kvinner og 3 menn. I leiande stillingar er det ei kvinne og to menn. Styret legg vinn på at kvinner og menn skal handsamast likt, utan at det er utarbeidd nokon tiltaksplan i samband med dette.

## Samfunnsansvar

Etne Sparebank sin «Policy for samfunnsansvar og bærekraft» er godkjent i styret 15.12.2020. Denne policyen bygger på norsk lov, FNs prinsipper for selskapers samfunnsansvar (UN Global Compact) og på FNs prinsipp for ansvarlige investeringar (Principles for Responsible Investments). Dette dokumentet definerer Etne Sparebank («Banken») sine overordna retningslinjer for samfunnsansvar og bærekraft. Føremålet er å bidra til en bærekraftig økonomisk, sosial og miljømessig utvikling i de områder og bransjar banken opererer. Policyen skal støtte medarbeidarane og leiarane i strategiske avgjerder og daglege arbeid. Det er banken sin ambisjon å påverke menneske, miljø og samfunnet rundt på en positiv måte.

**Bærekraftig utvikling:** å imøtekomma behova til dagens generasjon, utan å redusera mulighetene for kommande generasjonar til å dekke sine behov.

**Samfunnsansvar:** kva ansvar banken forventar å påta seg for menneske, samfunn, miljø og økonomiske forhold, dvs. omsyn ut over det som er pålagt ved lov.

Banken sin arbeid med bærekraft bygger på FNs bærekraftsmål:



Som bank har vi påverknad på de fleste av bærekraftsmålene, i banken har vi identifisert kva bærekraftsmål virksamheten har særlig stor påverknad på. Det er bærekraftsmål 4, 5, 8, 9, 11, 12 og 16 (se figur).

Noen er interne mål, som banken sjølv skal jobbe for å oppnå. De eksterne måla skal banken samarbeide med kundane og samfunnet for øvrig med å oppnå, gjennom de verkemidla banken har. Nokre mål er både interne og eksterne. I tillegg til dei sju måla er mål 17 sentralt for vårt arbeid, fordi me legg stor vekt på samarbeid for å oppnå måla.

Policy for samfunnsansvar og bærekraft gjeld for samtlege medarbeidarar i banken, inkludert styret, og personer som, utan å vera tilsett i banken, arbeider på oppdrag eller som konsulentar. I tillegg



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

omfattar policyen all virksomhet i tilknytning til kundar, leverandørar og andre forretningspartnarar, inkludert forvaltarar som tilbyr sine fond gjennom Etne Sparebank.

Banken forpliktar seg til å ta omsyn til menneskerettigheter og arbeidslivsstandardar, klima og miljø samt bekjempe korrupsjon og kvitvasking i alle sine aktiviteter. Dette inkluderer utvikling av produkt og tenester, rådgiving og sal, investerings- og kredittavgjerder samt produksjon og drift. Dei same krava vert stilt til banken sin leverandørar.

- Banken sin har forpliktingar innan mangfold, menneskerettigheter og arbeidslivsstandardar.
- Banken forpliktar å ta omsyn til klima og miljø.
- Banken har nulltoleranse for kvitvasking, terrorfinansiering og korrupsjon
- Banken sin policy i skattesaker inneber at skatterelaterte saker behandles på en ansvarlig, korrekt og gjennomiktig måte.
- Banken sin egne investeringar skal vera ansvarlige.
- Banken skal vise samfunnsansvar ved innkjøp av varer og tenester.
- Banken skal tilrettelegge for at kundar skal kunne spare på en bærekraftig og samfunnsansvarlig måte.

### Koronasisituasjonen

I løpet av andre og tredje kvartal 2020 fekk Norge god kontroll på koronaepidemien. Det norske samfunnet vart gradvis blitt opna opp igjen, med normalisering av dei fleste områder i samfunnet. Mange verksemdar fekk hjula i gong igjen og med statleg støtte kom mange over den verste kneika. Over nyttår og litt inn i 2021 fekk me ei ny bølge med smitte og nedstenging. Me går framleis ei usikker tid i møte inntil me får opp vaksinasjonstempoet, forhåpentleg med ei normalisering mot sommaren 2021.

Etne Sparebank har framleis ikkje mange verksemdar i kundeportefølja som er dramatisk råka av krisa. Av våre totale utlån på kr 2,2 mrd, er 0,31 mrd utlån til verksemdar. Av desse er 0,15 mrd knytt opp mot landbruk og småkraft og dermed har me altså 0,15 mrd som er knytt til handel, industri, tenesteyting og eigedom som kan vera vera meir utsett for koronakrisa. Rådgjevarane våre på bedriftsmarknaden følgjer desse kundane tett og ei av våre viktigaste oppgåver i denne situasjonen er å hjelpe dei kundane som faktisk har fått utfordringar som følge av tiltaka myndighetene har gjennomført.

### Forventa kredittap

Den økonomiske utviklinga som følge av utbrotet og den omfattande nedstenginga vil skape store problem for mange føretak og hushaldningar i lang tid framover. Det er relativt sikkert at fleire føretak vil gå konkurs. Forverring av kredittkvaliteten på bankane sine låneporteføljer vil ha en stor innverknad på målinga av forventa kredittap (ECL). Som eit svar på desse utfordringene kan myndighetene i tillegg introdusere eller instruere/oppmode forretningsbankar til å innføre forskjellige typar hjelpetiltak til selskapa.

Norske bankar er underlagt IFRS 9 som medfører at endringar i forventningar skal reflekterast i forventa kredittap.

De europeiske tilsynsorgana EBA (European Banking Authority) og ESMA (European Securities and Markets Authority) i samordna uttalar gitt rettleiing til korleis enkelte delar av IFRS 9-regelverket skal forstås, på bakgrunn av den vesentlege uvisse rundt konsekvensane av koronapandemien og i samanheng med støtteordningar som vert vedtekne.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

## Norsk økonomi

I det korte bildet har dei statlege restriksjonane i kampen mot viruset ein nedkjølande effekt på norsk økonomi. Samstundes vart det gjennom fjoråret iverksett ei rekke kraftfulle tiltak for å stimulere økonomien. Noregs Bank hadde tidlegare auka styringsrenta frå 0,5 prosent til 1,5 prosent, noko som ga meir potensiale for kraftfulle tiltak gjennom ordinær pengepolitikk. I 2020 vart styringsrenta senka tre gonger, ned til rekordlåge 0 prosent.

I tillegg til ei rekordlåg styringsrente har også finanspolitikken blitt innretta svært ekspansivt. Tiltak som for eksempel innføringa av kompensasjonsordninga har bidrege til at det strukturelle, oljekorrigerte budsjettunderskotet er forventa å ende på 392,5 milliardar kroner, tilsvarande 12,3 prosent av trend-BNP for Fastlands-Norge.

Norsk Fastlands-BNP falt med om lag 3,4 prosent i 2020. Noregs Bank ser for seg ei auke på 3,7 prosent i 2021 og 3,1 prosent i 2022.

Noregs Bank har kommunisert at styringsrenta vil bli liggjande på dagens nivå ei god stund fram, og har i rentebanen signalisert at renta vil auke gradvis frå første halvår 2022. Samstundes vises det til at storleiken på tilbakeslaget i økonomien og vesentlig uvisse rundt veigen vidare tilseier at styringsrenta vil haldast på dagens nivå heilt til det er klare teikn til at forholda i økonomien vert normalisert.

## Økonomien lokalt

Lokalt er Etne Sparebank i stor grad eksponert mot privatkundar som har sitt arbeid i nærområda. Lån til verksemder skjer i all hovudsak til mindre verksemder lokalt. Me har større verksemder i nabokommunane der ein del av våre kundar er tilsette. Heldigvis er desse verksemdene samla sett godt diversifisert i forhold til kva næringar dei arbeider innanfor.

Me ser difor store utslag på aktivitetsnivået, også i 2020, der oljeservice (t.d. Westcon) har relativt låg aktivitet, medan ein til dømes innan landbruk (Fatland-konsernet) har svært god aktivitet, med kraftig auke i omsetnaden også i 2020. Hatteland-gruppa er i stor grad eksportverksemder som har nytt godt av den låge kronekursen. Det er også verdt å nemne Autostore AS i Åmsosen, som har ein stor vekst og aukar talet på tilsette heile tida. Ølen Betong nyt godt av høgt aktivitetsnivå i samband med offentlege vegutbyggingar.

Hovudutfordringa vår vil også i 2021 vera å sikre ei stabil drift med tilfredsstillande inntening og halde tapa på eit lågt nivå.

## Inngått intensjonsavtale med Tysnes Sparebank om samanslåing

Banken meldte 16. desember 2020 at ein hadde inngått intensjonsavtale med Tysnes Sparebank om samanslåing mellom dei to bankane. Syner i den samanheng til pressemelding og børs melding som er sendt ut i den samanheng. Ein legg opp til at generalforsamlingane i dei to bankane endeleg handsamar ein fusjonsavtale før sommaren 2021. I mellomtida vil bankane arbeide med dette framlegget til slik fusjonsavtale.



ETNE SPAREBANK







- med heile vegen

### Takk

Styret vil nok ein gong takka alle medarbeidarane i banken. På same måte vil me takka banken sine tillitsvalde for den interessa som er vist for banken. Styret vil også få uttrykkja ei hjartans takk til alle Dykk som bruker banken for den gode oppslutninga om bygdebanken.

Etne Sparebank ser fram til eit stort engasjement og godt samarbeid i 2021 til beste for kundane og interessegruppene elles.

Etne, 25. februar 2021

 Sveinung Eskeland Styreleiar	 Torunn Fjæra Grindheim	 John Karsten Hustveit
 Elin Hegerland Hjelvik	 Frode S. Robberstad	 Rune Ramsvik, Banksjef



## Resultatrekneskap

(tal i heile tusen kr)

Morbank		Konsern			
2020	2019	2020	2019		
31.12	31.12	31.12	31.12		
		<b>1. RENTEINNETEKTER OG LIKNANDE INNETEKTER</b>			
		Note	%		%
278.178	1.226.054	1.1 Renter av utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	278.178	1.226.054	
50.883.693	57.516.251	1.2 Renter av utlån til og fordringar på kunder	50.883.693	57.516.251	
52.090	233.176	1.3 Renter av sertifikat og obligasjonar	52.090	233.176	
0	0	1.5 Andre renteinntekter	0	0	
51.213.961	58.975.481	Sum renteinntekter	51.213.961	58.975.481	2,94
		<b>2. RENTEKOSTNADER OG LIKNANDE KOSTNADER</b>			
1.982.128	3.342.468	2.1 Renter på gjeld til kredittinstitusjonar	1.982.128	3.342.468	
12.333.419	17.970.988	2.2 Renter på innskot frå og gjeld til kunder	12.333.419	17.970.988	
2.792.109	4.826.684	2.3 Renter på utstedte verdipapir	2.792.109	4.826.684	
1.369.725	1.066.306	2.5 Andre rentekostnader	1.369.725	1.066.380	
18.477.381	27.206.446	Sum rentekostnader	18.476.915	27.206.520	1,36
<b>32.736.580</b>	<b>31.769.035</b>	<b>I Netto renteinntekter</b>	<b>32.737.046</b>	<b>31.768.961</b>	<b>1,58</b>
		<b>3. PROVISJONSINNETEKTER OG INNETEKTER FRÅ BANKTENESTER</b>			
157.230	164.944	Garanti provisjon	157.230	164.944	
11.681.221	10.625.667	Andre gebyr og provisjonsinntekter	11.681.221	10.625.667	
11.838.451	10.790.611	Sum provisjonsinnt. og innt. frå banktenester	11.838.451	10.790.611	0,54
		<b>4. PROVISJONSKOSTNADER OG KOSTNADER VED BANKTENESTER</b>			
1.294.364	1.245.167	Andre gebyr og provisjonskostnader	1.294.364	1.245.167	
1.294.364	1.245.167	Sum provisjonskostnader	1.294.364	1.245.167	0,06
		<b>5. UTBYTTE OG ANDRE INNETEKTER AV EGENKAPITALINSTRUMENT</b>			
17.370.112	7.571.868	5.1 Inntekter av aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	17.370.112	7.571.868	
17.370.112	7.571.868	Sum utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter	17.370.112	7.571.868	0,38
		<b>6. NETTO VERDIENDRING OG GEVINST/TAP PÅ VALUTA OG FINANSIELLE INSTRUMENT</b>			
2.139	-162.486	6.2 Netto verdiendring og gevinst/tap på rentebærende verdipapirer	2.139	-162.486	
7.180.150	1.966.080	6.3 Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjer og andre egenkapitalinstrumenter	7.180.150	1.966.080	
358.520	409.203	6.5 Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle derivater	358.520	409.203	
7.540.809	2.212.797	Sum netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	7.540.809	2.212.797	0,11
		<b>7. ANDRE DRIFTSINNETEKTER</b>			
0	0	Driftsinntekter faste eigedomar	183.764	462.696	
246.732	-94.964	Andre driftsinntekter	246.732	-94.964	
246.732	-94.964	Sum andre driftsinntekter	430.496	367.732	0,02
<b>35.701.740</b>	<b>19.235.145</b>	<b>NETTO ANDRE DRIFTSINNETEKTER</b>	<b>35.885.504</b>	<b>19.697.841</b>	<b>0,98</b>
		<b>8. LØNN OG ANDRE PERSONALKOSTNADER</b>			
10.881.091	10.710.988	Lønn m.v.	10.881.091	10.710.988	
1.126.972	1.459.833	Pensjonar	1.126.972	1.459.833	
2.590.645	2.646.173	Sosiale kostnader	2.590.645	2.646.173	
14.598.708	14.816.994	Sum lønn og andre personalkostnader	14.598.708	14.816.994	0,74
		<b>9. ANDRE DRIFTSKOSTNADER</b>			
10.388.005	9.403.007	Administrasjonskostnader	10.388.005	9.403.007	0,47
1.495.759	1.418.182	Driftskostnader fast eigedom	1.209.118	1.111.226	
1.941.219	2.342.799	Andre driftskostnader	1.941.219	2.342.799	
13.824.983	13.163.988	Sum andre driftskostnader	13.538.342	12.857.032	0,64
		<b>10. AV-/NEDSKRIVNINGAR, VERDIENDRINGAR OG GEVINST/TAP PÅ IKKJE-FINANSIELLE EIGNELUTAR</b>			
659.608	653.128	10.1 Avskrivningar	1.177.896	1.096.505	
-518.412	0	10.4 Gevinst/tap	-518.412	0	
141.196	653.128	Sum av-/nedskrivningar, verdiendringar og gevinst tap på ikke-finansielle eiendeler	659.484	1.096.505	0,05
<b>28.564.887</b>	<b>28.694.110</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>28.796.534</b>	<b>28.770.531</b>	<b>1,43</b>
<b>39.873.432</b>	<b>22.370.070</b>	<b>DRIFTSRESULTAT FØR TAP</b>	<b>39.826.016</b>	<b>22.696.271</b>	<b>1,13</b>
		<b>11. KREDITTAP PÅ UTLÅN, GARANTIER MV. OG RENTEBERANDE VERDIPAPIR</b>			
3.054.688	225.484	11.1 Kredittap på utlån målt til amk eller vv med verdiendring over andre inntekter og			
		11.2 Kredittap på utlån målt til virkelig verdi over resultat	3.054.688	225.484	
		11.5 Kredittap på rentebærende verdipapirer målt til amk eller vv med verdiendring over andre inntekter og kostnader			
		11.6 Kredittap på rentebærende verdipapirer målt til virkelig verdi over resultat			
3.054.688	225.484	Sum kredittap på utlån, garantier og rentebærende verdipapirer	3.054.688	225.484	0,01
36.818.745	22.144.586	<b>II Resultat før skatt</b>	<b>36.771.328</b>	<b>22.470.787</b>	<b>1,12</b>
7.077.580	4.761.059	<b>12 SKATT PÅ RESULTAT</b>	<b>7.067.045</b>	<b>4.832.839</b>	<b>0,24</b>
<b>29.741.165</b>	<b>17.383.527</b>	<b>IV Resultat før andre inntekter og kostnader</b>	<b>29.704.283</b>	<b>17.637.948</b>	<b>0,88</b>
		<b>14. ANDRE INNETEKTER OG KOSTNADER</b>			
83.689	0	14.1 Andre inntekter og kostnader som ikke blir omklassifisert til resultatet	83.689	0	
83.689	0	Sum andre inntekter og kostnader	83.689	0,00	0
<b>29.657.476</b>	<b>17.383.527</b>	<b>15 TOTALRESULTAT FOR REGNSKAPSÅRET</b>	<b>29.620.594</b>	<b>17.637.948</b>	
		<b>Overføringer og disponeringar:</b>			
20.994.296	16.383.527	Overført til Sparebankens fond			
1.000.000	1.000.000	Overført til gåvefond			
815.701	0	Overført til hybridkapitaleigarar			
6.847.479	0	Overført fra fond for urealiserte gevinstar			
<b>29.657.476</b>	<b>17.383.527</b>	<b>SUM DISPONERINGAR</b>			



ETNE SPAREBANK

- med heile veggen

Balanse Eignelutar

Morbank		Konsern	
31.12.20	31.12.19	31.12.20	31.12.19
<b>BALANSE</b>			
		<b>EIGNELUTER</b>	
		<b>1 KONTANTER OG KONTANTEKVIVALENTER</b>	
92.138.920	93.929.825	92.138.920	93.929.825
<b>92.138.920</b>	<b>93.929.825</b>	<b>92.138.920</b>	<b>93.929.825</b>
		<b>2 UTLÅN TIL OG FORDRINGAR PÅ KREDITTINSTITUSJONAR</b>	
105.120.955	109.718.042	105.120.955	109.718.042
<b>105.120.955</b>	<b>109.718.042</b>	<b>105.120.955</b>	<b>109.718.042</b>
		<b>3 UTLÅN TIL OG FORDRINGAR PÅ KUNDER</b>	
1.439.638.520	0	1.126.280.520	0
-673.329	0	-673.329	0
0	0	0	0
<b>1.438.965.191</b>	<b>0</b>	<b>1.125.607.191</b>	<b>0</b>
70.682.692	1.526.156.252	384.040.692	1.526.156.252
375.403	-922.546	375.403	-922.546
-2.262.351	-1.090.000	-2.262.351	-1.090.000
<b>68.795.744</b>	<b>1.524.143.706</b>	<b>382.153.744</b>	<b>1.524.143.706</b>
<b>1.507.760.935</b>	<b>1.524.143.706</b>	<b>1.507.760.935</b>	<b>1.524.143.706</b>
		<b>4 RENTEBERANDE VERDIPAPIR</b>	
0	0	0	0
672.639	3.691.057	672.639	3.691.057
<b>672.639</b>	<b>3.691.057</b>	<b>672.639</b>	<b>3.691.057</b>
		<b>6 AKSJAR, ANDELER OG ANDRE EIGENKAPITALINSTRUMENT</b>	
107.574.799	0	107.574.799	0
2.251.734	0	2.251.734	0
161.629.121	0	161.629.121	0
271.455.654	235.882.517	271.455.654	235.882.517
<b>271.455.654</b>	<b>235.882.517</b>	<b>271.455.654</b>	<b>235.882.517</b>
		<b>8 EIGARINTERESSER I KONSERNSELSKAP</b>	
10.736.463	10.736.465	0	0
		<b>11 VARIGE DRIFTSMIDLER</b>	
2.499.700	0	9.150.888	0
323.029	4.162.850	923.029	11.332.327
<b>2.822.729</b>	<b>4.162.850</b>	<b>9.473.917</b>	<b>11.332.327</b>
1.297.059	720.329	1.297.059	720.329
1.297.059	720.329	1.297.059	720.329
<b>4.119.788</b>	<b>4.883.179</b>	<b>10.770.976</b>	<b>12.052.656</b>
		<b>12 ANDRE EIGNELUTAR</b>	
-892.189	0	-748.619	0
3.700.760	0	3.700.754	0
8.108.000	0	8.108.000	0
8.892.029	18.415.789	8.892.029	18.496.661
<b>19.808.600</b>	<b>18.415.789</b>	<b>20.700.783</b>	<b>18.496.661</b>
<b>19.808.600</b>	<b>18.415.789</b>	<b>19.952.164</b>	<b>18.496.661</b>
<b>2.011.813.954</b>	<b>2.001.400.580</b>	<b>2.007.872.242</b>	<b>1.997.914.464</b>



ETNE SPAREBANK


- med heile vegen


## Balanse Gjeld og egenkapital


Morbank		GJELD OG EIGENKAPITAL	Konsern	
31.12.2020	31.12.2019		31.12.20	31.12.19
		<b>GJELD:</b>		
		<b>14 INNLÅN FRÅ KREDITTINSTITUSJONAR OG FINANSIERINGSFØRETAK</b>		
65.068.448	105.000.000	14.2 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost	65.068.448	105.000.000
65.068.448	105.000.000	<i>Sum innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsføretak</i>	65.068.448	105.000.000
		<b>15 INNSKOT OG ANDRE INNLÅN FRÅ KUNDAR</b>		
1.034.164.428	962.154.328	15.1 Innskudd og andre innlån fra kunder til virkelig verdi	1.034.164.428	962.154.328
500.129.573	540.709.654	15.2 Innskudd og andre innlån fra kunder til amortisert kost	500.129.573	540.709.654
1.534.294.001	1.502.863.982	<i>Sum innskot og andre innlån frå kundar</i>	1.534.294.001	1.502.863.982
		<b>16 GJELD STIFTA VED UTSKRIVING AV VERDIPAPIR</b>		
100.235.022	119.947.010	16.2 Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer til amortisert kost	100.104.855	119.947.010
100.235.022	119.947.010	<i>Sum gjeld stifta ved utskrivning av verdipapir</i>	100.104.855	119.947.010
		<b>18 ANNA GJELD</b>		
2.059.595	1.693.016	Gjeld til morselskap	0	0
5.090.582	8.203.548	Anna gjeld	5.176.397	8.148.195
7.150.177	9.896.564	<i>Sum anna gjeld</i>	5.176.397	8.148.195
		<b>19 AVSETNINGAR</b>		
3.325.555	3.291.561	19.1 Pensjonsforpliktelsar	3.325.555	3.291.561
4.158.545		19.2 Forpliktelsar ved skatt	4.158.196	0
314.936		19.3 Avsetningar på garantier og ubenyttede rammekreditter	314.936	0
-52.592	2.556.654	19.4 Andre avsetningar	0	2.672.031
7.746.444	5.848.215	<i>Sum avsetningar</i>	7.798.687	5.963.592
		<b>20 ANSVARLEG LÅNEKAPITAL</b>		
25.000.000	25.000.000	20.2 Ansvarlig lånekapital	25.000.000	25.000.000
25.000.000	25.000.000	<i>Sum ansvarleg lånekapital</i>	25.000.000	25.000.000
<b>1.739.494.092</b>	<b>1.768.555.771</b>	<b>SUM GJELD</b>	<b>1.737.442.387</b>	<b>1.766.922.779</b>
		<b>EIGENKAPITAL:</b>		
20.130.167	20.000.000	23.4 Fondsbobligasjonskapital	20.130.167	20.000.000
		<b>23 Sum innskutt egenkapital</b>		
18.581.370		24.2 Fond for urealiserte gevinster	18.581.370	0
-1.082.781		IFRS endringar tap/fond for vurderingsforskjellar	-1.082.781	
232.784.106	211.789.809	24.3 Sparebankfondet	230.894.098	209.936.684
1.907.000	1.055.000	24.4 Gåvefond	1.907.000	1.055.000
0	0	24.6 Annan eigenkapital og udisponert overskot	0	0
272.319.862	232.844.809	<b>24 Sum opptent eigenkapital</b>	<b>270.429.854</b>	<b>230.991.684</b>
<b>272.319.862</b>	<b>232.844.809</b>	<b>SUM EIGENKAPITAL</b>	<b>270.429.854</b>	<b>230.991.684</b>
<b>2.011.813.954</b>	<b>2.001.400.580</b>	<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>2.007.872.242</b>	<b>1.997.914.463</b>
		<b>23 Betinga forpliktelsar</b>		
11.109.000	11.835.000	23.1 Garantiansvar	11.109.000	11.835.000


Etne, 25. februar 2021


  
 Sveinung Eskeland  
 Styreleiar

  
 Torunn Fjæra Grindheim

  
 John Karsten Hustveit

  
 Elin Hegerland Hjelvik

  
 Frode S. Robberstad

  
 Rune Ramvik, Banksjef



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

## NOTER

Note 1 a	Generelle rekneskapsprinsipp og nøkkeltal
Note 1 b	Overgang til IFRS i 2020, vesentlege prinsipp
Note 1 c	Periodisering – inntektsføring/kostnadsføring
Note 1 d	Netto renteinntekter
Note 1 e	Valuta
Note 1 f	Finansielle instrument
Note 1 g	Gjeld
Note 1 h	Kritiske estimat
Note 1 i	Konsernselskap og tilknytta selskap
Note 1 j	Alternative resultatmål

## KREDITTRISIKO - UTLÅN OG GARANTJAR

Note 2 a	Verdsetting og definisjon
Note 2 b	Tap på utlån
Note 2 c	Utlån og garantiar fordelt etter næring og tap på utlån
Note 2 d	Utlån og garantiar fordelt geografisk
Note 2 f	Utlån overført til kredittføretak
Note 2 g	Risikoklassifisering
Note 2 h	Finansielle garantiar og pansetjingar mm

## OBLIGASJONAR, SERTIFIKAT OG ANDRE RENTEBERANDE PAPIR

Note 3 a	Verdsetting
Note 3 b	Omløpsobligasjonar og sertifikat
Note 3 c	Pengemarknadsfond og obligasjonsfond

## AKSJAR OG GRUNNFONDSBEVIS

Note 4 a	Verdsetting
Note 4 b	Fordeling av aksjar og grunnfondsbevis
Note 4 c	Opplysningar om verkeleg verdi og klassifisering

## VARIGE DRIFTSMIDLAR

Note 5 a	Verdsetting
Note 5 b	Spesifikasjon av postane
Note 5 c	Bankbygg/utleige

## GJELD

Note 6 a	Likviditet/Funding
Note 6 b	Gjennomsnittleg rente
Note 6 c	Spesifikasjon av løn, pensjon og sosiale kostnader
Note 6 d	Spesifikasjon av anna gjeld



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

**ANSVARLEG KAPITAL**

Note 7 a	Kjernekapitalendring
Note 7 b	Kapitaldekning

**FINANSIELL RISIKO**

Note 8 a	Likviditetsrisiko
Note 8 b	Restløpetid
Note 8 c	Avtalt tidspunkt for renteregulering
Note 8 d	Renterisiko

**OPPLYSNINGAR VEDKOMMANDE TILSETTE OG TILLITSVALDE**

Note 9 a	Tilsette
Note 9 b	Løn, pensjon og andre ytingar
Note 9 c	Lån og garantiar til tilsette og tillitsvalde

**ANDRE TILLEGGSOPPLYSNINGAR**

Note 10 a	Skatt
Note 10 b	Avgift til Bankenes Sikringsfond
Note 10 c	Provisjonsinntekt og gebyrinntekt



## NOTE 1 Generelle rekneskapsprinsipp

Etne Sparebank er ein sjølvstendig sparebank lokalisert i og med hovudkontor i Etne. Banken tilbyr banktenester for person- og bedriftsmarknaden i Noreg.

Årsrekneskapan for 2020 ble godkjent av styret 25. februar 2021. Rekneskapan omfattar perioden 01.01.2020-31.12.2020.

### Grunnlaget for utarbeiding av rekneskapan

Frå 2020 har banken utarbeidd årsrekneskapan i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) som er godkjent av EU. Utarbeidinga er i samsvar med § 1-4, 1. ledd b) i Forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak som trådde i kraft 1.1.2020. Banken har vald ikkje å omarbeide samanlikningstall iht. forskriftens § 9-2. Det betyr at samanlikningstala er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova og norsk god rekneskapskikk med dei unntak og tillegg som følgde av føresegnar i forskrift om årsrekneskap m.m. for bankar mv. gjeldande t.o.m 31.12.2020. For en beskrivelse av rekneskapsprinsippa gjeldande for 2019 vises det til note 1 i årsrekneskapet for 2019.

I samsvar med Forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak har banken vald å ikkje nytte IFRS 16 Leieavtaler for rekneskapsåret 2020 og i staden nytte tidlegare nytta prinsipp. I samsvar med forskrifta § 3-1 har banken vald å rekneskapsføre utbytte og konsernbidrag frå dotterselskap i samsvar med rekneskapslova sine føresegnar. Banken har også vald, i tråd med forskrifta § 7-2, å fråvike følgjande note under IFRS:

- 1) IFRS 13. Det gis i staden opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskriftens § 7-3
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147

Rekneskapet er presentert i norske kroner og alle beløp er vist i heile tusen så sant ikkje noko anna er sagt.

### Nye standardar og fortolkningar som er tatt i bruk frå og med rekneskapsåret 2020

#### Note 1 b Overgang til IFRS i 2020 - vesentlege prinsipp

Forskrift om årsrekneskap for bankar m.v (Årsrekneskapsforskrifta) vert endra me verknad for rekneskapsåret som startar 1. januar 2020, og det vert innført nye prinsipp i tråd med IFRS. Ein overgang til IFRS frå 1.1.2020 vil innebere visse endringar i banken si rekneskapsrapportering. Dei vesentlege effektane for banken er knytt til klassifisering og måling av finansielle instrument som skal skje i samsvar med IFRS 9. Banken har vald å fortsatt nytta Årsrekneskapsforskrifta, så IFRS 9 vert innført etter denne forskrifta.

Som overgangsbestemmelsane tillet har banken vald å ikkje omarbeide samanlikningstal, og difor vil samanlikningstal for 2019, rapportert i henhold til Årsrekneskapsforskrifta gjeldande fram til 31.12.2019, ikkje vera samanliknande med informasjon som er presentert for 2020.

Forskjellar som oppstår ved overgang til nye prinsipp vert ført mot annan eigenkapital pr 1. januar 2020, og effekten av endringane vert vist i tabellar.

Forskrifta opnar for at banken for 2020 kan unnlata å nytta IFRS 16 Leieavtaler og i staden nytta tidlegare prinsipp, noko Etne Sparebank vil gjera.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

Klassifikasjon og måling av finansielle eignelutar etter IFRS 9, unntatt eigenkapitalinstrument og derivat, vert vurdert ut frå ein kombinasjon av banken sin forretningsmodell for styring av eignelutane og instrumentet sin kontraktsmessige kontantstrømskarakteristikk. Dei rekneskapsmessige konsekvensane av prinsippendingane vert omtala under. Det følgjande er ei skildring av tema som medfører ein konsekvens for banken sitt rekneskap og rapportering som følge av overgang til IFRS:

### Finansielle eignelutar - klassifisering og måling:

For finansielle eignelutar skilles det mellom:

- Gjeldsinstrument (Lån, obligasjonar og liknande)
- Derivat
- Eigenkapitalinstrument (Aksjar og liknande).

Etter IFRS 9 skal banken sine finansielle eignelutar klassifiserast i en av tre målekategoriar:

- Verkeleg verdi med verdiending over resultatet (FVPL)
- Verkeleg verdi med verdiendingar over andre inntekter og kostnader (FVOCI)
- Amortisert Kost (AC)

Verkeleg verdi kan i utgangspunktet målast ved tre metodar:

- Nivå 1: Verdsetjing ved bruk av ukorrigerede observerbare marknadsverdiar som vert handla på aktive marknadsplassar.
- Nivå 2: Verdsetjing basert på verdsetjingsteknikkar der alle føresetnader er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata. Verdiar kan hentast frå eksterne marknadsaktørar eller avstemmast mot eksterne marknadsaktørar som tilbyr dette.
- Nivå 3: Verdsetjingsteknikkar der minst ein vesentleg føresetnad ikkje kan støttast basert på observerbare marknadsverdiar. Typiske metodar kan då vera bruk av ulike multiplar, kontantstraumsanalyser, samanliknbare transaksjoner og liknande.

### Måling til amortisert kost

Finansielle instrument som ikkje vert målt til verkeleg verdi, vert verdsett til amortisert kost og inntektene/kostnadene vert berekna etter effektiv rentes metode. Den effektive renta vert fastsett ved å diskontera kontraktsfesta kontantstraumar over forventa løpetid. Amortisert kost er nåverdien av kontantstraumane neddiskontert med den effektive renta.

Det følgjande er ei oppstilling av der dei respektive finansielle eignelutane i banken vert klassifisert og målt etter IFRS 9:

### Gjeldsinstrument

Lån med kontraktsfesta kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar og som er i ein forretningsmodell med føremål å motta kontraktsmessige kontantstraumar målast til amortisert kost.

Følgjande finansielle eignelutar vert målt til amortisert kost:

- Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar
- Utlån til og fordring på kundar med fast og flytande rente

Andre gjeldsinstrument skal målast til verkeleg verdi med verdiending over resultatet. Dette gjeld gjeldsinstrument med kontantstraumar som ikkje berre er betaling av normal rente og hovudstol, og gjeldsinstrument som er i ein forretningsmodell der føremålet i hovudsak ikkje er mottak av kontraktsfesta kontantstraumar.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

Banken sin portefølje av renteberande verdipapir inneheld obligasjonar og har som føremål å vera likviditetsreserver. Renteberande verdipapir vert målt og vert klassifisert til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet.

#### **Derivat**

Banken har ikkje behaldning av derivat (renteswap) knytt til rentesikring av fastrenteutlån. Banken nyttar ikkje sikringsbokføring.

#### **Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar**

Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar målast til amortisert kost.

#### **Utlån til og fordring på kundar med flytande rente**

Det normale i den norske bankmarknaden er at utlån til både privatmarknaden og bedriftsmarknaden er at renta er flytande. Låntakaren sin rett til tidleg innløyising og konkurransen mellom bankar gjer at utlåna sine kontantstraumar i liten grad vil kunne avvike frå kva som er definert som betaling av renter og hovudstol på gitte datoar. Banken si vurdering er difor at desse utlåna sine vilkår er konsistent med amortisert kost.

#### **Utlån til og fordringar på kundar med flytande rente med pant i bustadeigedom**

Utlån til og fordringar på kundar med flytande rente med pant i bustadeigedom er målt og klassifisert til verkeleg verdi med verdiendring over resultat. Forretningsmodellen sitt føremål er vurdert til både å vera for å motta kontraktmessige kontantstraumar og sal til banken sitt bustadkredittføretak, Verd Boligkreditt AS.

#### **Utlån til og fordringar på kundar med fastrente**

Utlån til og fordringar på kundar med fastrente skal i utgangspunktet målast og klassifiserast til verkeleg verdi med verdiendring over resultat. Då banken sin fastrenteutlånsportefølje er marginal (kun 4,1 % av utlånsportefølja) og gjennomsnittlig løpetid for låna er kort (1,54 år) vurderer banken det slik at portefølja utgjer ein uvesentleg storleik. Me har difor vald å klassifisere fastrenteutlån til amortisert kost.

#### **Renteberande verdipapir**

Banken si portefølje av renteberande verdipapir inneheld obligasjonar og har som føremål å vera likviditetsreserver. Renteberande verdipapir vert målt og klassifisert til verkeleg verdi med verdiendringar over resultatet.

#### **Eigenkapitalinstrument**

Investeringar i eigenkapitalinstrument vert målt og klassifisert til verkeleg verdi over resultatet. Aksjeportefølja til banken består i all hovudsak av strategiske anleggsaksjar, der verdsetjingsmetoden er nivå 3. Børsnoterte aksjar vert verddivurdert i samsvar med observerbare marknadskursar (nivå 1).

#### **Finansielle forpliktingar**

Alle banken sin finansielle forpliktingar er klassifisert og målt til amortisert kost.

#### **Nedskrivning av finansielle eignelutar**

Etter IFRS 9 skal tapsavsetningane innrekna basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for tapsavsetjingar av finansielle eignelutar i IFRS 9 gjeld for finansielle eignelutar som vert målt til amortisert kost, og som ikkje hadde inntrufne tap ved fyrste gongs balanseføring. I tillegg er



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

lånetilsegn og finansielle garantikontraktar som ikkje vert målt til verkeleg verdi over resultatet omfatta.

Målinga av avsetninga for forventa tap i den generelle modellen avheng av om kredittrisikoen har auka vesentleg sidan fyrste gong balanseføring.

Ved fyrstegong balanseføring og når kredittrisikoen ikkje har auka vesentleg etter fyrstegongs balanseføring skal det avsettast for 12 månaders forventa tap. 12 månaders forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffe over levetida til instrumentet, men som kan knyttast til hendingar som inntreff dei neste 12 månadane.

Dersom kredittrisikoen har auka vesentleg etter fyrstegongsinnrekning skal det avsetjast for forventa tap over heile levetida. Forventa kredittap er utrekna basert på nåverdien av alle kontantstraumar over gjenverande forventa levetid, dvs. forskjellen mellom dei kontraktsmessige kontantstraumane i henhold til kontrakten og den kontantstrømmen som banken forventar å motta, diskontert med effektiv rente på engasjementet.

### Nedskrivingsmodellen

Med IFRS skal tapsnedskrivingar baserast på framtidig forventa tap, utan at det treng føreligge objektive bevis for tap. Den nye standarden inneber krav om tapsavsetningar også på nye utlån, ved at det skal gjerast nedskrivingar for forventa kredittap som følgje av forventa misleghald dei neste 12 månadane. For utlån der kredittrisikoen har hatt ei vesentleg auke etter etablering, skal det gjerast ei nedskriving for forventa kredittap over lånet si løpetid.

Dei nye prinsippa gjeld for finansielle eignelutar som er gjeldsinstrument, og som vert målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendingar som er ført over utvida resultatrekneskap. I tillegg er også lånetilsegn, unytta kreditt og finansielle garantikontraktar inkludert.

Banken nyttar ein tapsgradmodell, levert av Evry, der banken vedtek alle føresetnadane for berekninga av tapa. Modellen byggjer på kunde- og kontohistorikk for heile banken sin kredittportefølje, utlån, kreditttråmer og garantiar. Det er forutsett ein tapsgrad for PM (0,04 %) og ein tapsgrad for BM (0,40 %) basert på faktisk tapshistorikk for desse segmenta. Det er vidare sett kriterier for kva som definerer vesentleg forverring i kredittrisiko. Låna vert klassifisert i tre steg:

### Steg 1:

Dei nye prinsippa gjeld for finansielle eignelutar som er gjeldsinstrument, og som vert målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendingar som er ført over utvida resultatrekneskap. I tillegg er også lånetilsegn, unytta kreditt og finansielle garantikontraktar inkludert.

Dette er startpunktet for alle finansielle eignelutar omfatta av den generelle tapsmodellen. Alle eignelutar som ikkje har vesentleg høgare kredittrisiko enn ved fyrstegongregistrering får ein avsetning som tilsvarende engasjementet sin storleik multiplisert med tapsgraden for henholdsvis PM eller BM. I denne kategorien ligg alle eignelutar som ikkje er overført til steg 2 eller 3. Banken inntektsfører renter basert på brutto bokførte verdier på låna som inngår i trinnet.

### Steg 2:

I steg 2 i tapsmodellen er eignelutar som har hatt ein vesentleg auke i kredittrisiko sidan fyrstegonginnrekning av engasjementet, men der det ikkje er objektive bevis på tap. Følgjande kriterier må vera oppfylt for at det har skjedd ein vesentleg kredittrisiko: Forverring av 2 trinn i risikoklassifiseringssystemet (A er lågaste risiko og K er engasjement i misleghald), og/eller misleghald over 30 dagar. Engasjement i steg 2 får berekna ein livslang tapsavsetjing. I praksis inneber dette at engasjementet sin storleik multiplisert med tapsgraden for henholdsvis PM og BM og vidare multiplisert med gjennomsnittlig levetid for lån i banken. Gjennomsnittleg levetid er med bakgrunn i historikk utrekna til 4 år. Banken inntektsfører renter basert på brutto bokførte verdier på låna som inngår i trinnet.



### Steg 3:

I steg 3 i tapsmodellen er dei eignelutane som har hatt ei vesentleg auke i kredittrisiko sidan innvilging, og der det er objektive bevis på tap på balansedato. Misleghald over 90 dagar eller tapsavsetning på engasjementet er definert som eit objektivt bevis på misleghald. Banken inntektsfører renter basert på netto bokførte verdiar på låna som inngår i trinnet.

### Frårekning

Finansielle eignelutar fraregnes når de kontraktmessige rettighetene til kontantstraumane er utløpt, eller når rettighetene til kontantstraumane er overført på en slik måte at risiko og avkastning knytt til eigarskapet i det alt vesentligste er overført. Finansielle forpliktingar fraregnes når de kontraktmessige betingelsene er innfridd, utløpt eller kansellert.

### Klassifisering av fondsobligasjonskapital (hybridkapital)

Utstedte fondsobligasjonar der banken ikkje er forplikta til å utbetale renter tilfredsstillar ikkje definisjonen av ei finansiell forplikting og vert dermed klassifisert som eigenkapital i balansen. Renter vert presentert som ein reduksjon av annan eigenkapital, medan skatteeffekten av rentene vert presentert som skattekostnad.

### Leigeavtaler

Prinsippet om IFRS 16 omhandlar at alle vesentlege leigeavtaler skal balanseførast og avskrivast over levetida. Leigeavtaler under 5.000 USD eller kortare enn 12 måneder kan fritas. Banken vil nytte seg av adgangen til å implementere IFRS 16 først per 1.1.2021. Det er ikkje forventa vesentlege konsekvensar for banken sitt rekneskap å innføre IFRS 16.

### Eigenkapitalkonsekvensar

Som ein følge av endra verdsetjingsprinsipp etter IFRS, som omtala over, vart det føreteke ny verdsetjing av banken sin eignelutar. Det følgjande er ein oppstilling av kva tema som påverka banken sin eigenkapital med verknad frå 1.1.2020.

### Endring Eigenkapital

	NOK	Kommentarar
Eigenkapital 31.12.2019	210.991.684	
Endring i tapsføringar som følge av overgang til IFRS 9	1.082.781	IFRS 9 modell erstattar Gruppenedskrivning
Verdiendring anleggsaksjar	11.733.891	Eignelutane er vurdert til verkeleg verdi
Verdiendring obligasjonar	0	Eignelutane er vurdert til verkeleg verdi
Sum konsekvens eigenkapital som følge av prinsippendring til IFRS	10.651.110	
Eigenkapital 1.1.2020	221.642.794	

### Note 1 c Periodisering – inntektsføring/kostnadsføring

Renteinntekter inntektsføres ved bruk av effektiv rentes metode. Dette inneber løpande inntektsføring av renter med tillegg av amortisering av etableringsgebyr. Den effektive renta vert fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr, samt eventuelt restverdi ved utløpet av forventa løpetid.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

Inntektsføring av renter etter effektiv rentes metode vert nytta for balanseposter som vert vurdert til amortisert kost. For renteberande balanseposter som vert vurdert til verkeleg verdi over resultatet inntektsføres den nominelle renta løpande, medan verdiendringar vert rekneskapsført ved periodeslutt.

Renteinntekter på engasjement i trinn 3 i tapsmodellen vert rekna som effektiv rente av nedskriven verdi. Banken inntektsfører renter basert på brutto bokførte verdiar på låna som inngår i trinn 1 og 2.

Inntekter frå gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester vert resultatført over den perioden tenesta vert ytt. Utbytte frå aksjeinvesteringar vert resultatført på det tidspunkt utbyttet er vedtatt på generalforsamlinga.

Renter og provisjonar vert tekne inn i rekneskapen etter kvart som dei vert opptente som inntekt, eller påkomne som kostnad. Forskotsbetalte inntekter og påkomne ikkje betalte kostnader vert periodisert og ført som gjeld i balansen. Opptente ikkje innbetalt inntekter vert ført opp som tilgodehavande i balansen. Utbytte av aksjar og grunnfondsbevis vert inntektsført det året dei vert mottekne. Gebyr og provisjonar som kundane betalar vert tekne inn i resultatrekneskapen etter kvart som dei vert mottekne.

#### **Note 1 d Valuta**

Behaldning av framand valuta i eigen balanse utgjer kr. 0,25 MNOK. Behaldninga er omrekna til NOK etter offisielle midtkursar pr 31.12. Inntekter og kostnader i valuta er omrekna til NOK etter kursane på transaksjonstidspunktet. Behaldning av framand valuta består kun av reisevaluta, mest EUR. Netto urealisert vinst eller tap på balansedagen er resultatført. Det er stilt garanti overfor utalandsk lånegivar for valutalån til våre kundar. Dette utgjer ein risiko for kundane våre, men banken meiner at det er teke høgde for dette i våre avtalar med kundane slik at me heller ikkje her har valutarisiko.

#### **Note 1 e Finansielle instrument**

Finansielle instrument er definert som omsetjelege finansielle eignelutar- og gjeldspostar. Av slike postar i balansen har me aksjar, grunnfondsbevis, obligasjonar, aksjefond, pengemarknadsfond og obligasjonsfond.

#### **Note 1 f Gjeld**

Gjeld vert balanseført til nominell verdi og vert ikkje endra for endring i rentenivå.

#### **Note 1 g Kritiske estimat**

Ved utarbeiding av årsrekneskapet har banken si leiing nytta estimat basert på beste skjønn og føresetnader som er vurdert å vera realistiske. Det vil kunne oppstå situasjonar eller endringar i markedsforhold som kan medføre endra estimat, og dermed påvirke selskapet sine eignelutar, gjeld, eigenkapital eller resultat.

Banken sine mest vesentlege rekneskapsestimat er knytt til følgjande poster:

- Nedskriving for forventa tap på utlån
- Verkeleg verdi for finansielle instrument
- Verkeleg verdi for overtatte eignelutar



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

## Nedskrivning for forventta tap på utlån

For engasjementa som er omfatta av tapsgradsmodellen, bygger modellen på fleire kritiske føresetnader som banken fastsetter. Desse føresetnadene påverkar storleiken på forventta tap på utlån. Dei kritiske føresetnadane er risikoklassifiseringa, utvikling i risikoklassifisering, forventta levetid og tapsgrad. I tillegg vil konjunkturutvikling og makrovariablar vektleggjast.

For engasjementa som er i mislighald og som er i trinn 3 i modellen vert kontantstrømmodellen nytta for å fastsette forventta tap. Tapet vert då utrekna som forskjellen mellom balanseført verdi og nåverdien av estimerte framtidige kontantstraumar diskontert med utlånets opphavlege effektive rentesats. Estimering av framtidig kontantstrøm vert gjort på grunnlag av skjønn relatert til sannsynlege utfall for blant anna marknadsutvikling og konkrete forhold for det enkelte engasjement, herunder verdivurderingar av sikkerheter.

## Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktivt marknad, vert fastsett ved å nytte ulike verdsetjingsteknikkar. I desse vurderingane søker banken i størst mulig grad å basere seg på marknadsforholda på balansedagen. I den grad det er praktisk mulig nyttar ein observerbare data, men på områder med kredittrisiko, volatilitet og korrelasjonar må det nyttast estimat. Endring i føresetnadane om desse faktorane kan påverke verkeleg verdi på finansielle instrument. Verkeleg verdi for finansielle instrument kjem fram av note 12.

## Verkeleg verdi av overtatte eignelutar

Overtatte eignelutar er eignelutar som vert overtatt av banken i samband med oppfølging av misleghaldne eller nedskrevne engasjement. Ved overtakinga verdsetjer ein eignelutane til antatt realisasjonsverdi. Fastsettelsen av antatt realisasjonsverdi er i stor grad basert på skjønn og kva føresetnader i estimata som er mest kritiske avheng av kva eignelutar som vert overtekne.

## Note 1 h Konsernselskap og tilknyttta selskap

Selskapets namn	Kontor-kommune	Selskaps-kapital	Tal på aksjar	Eigardel	Total EK Verdi i kr
Etne Sparebank Eigedom AS	Etne	500.000	1.000	100%	8.791.106

## Note 1 i Alternative resultatmål (nøkkeltal)

Banken nyttar alternative resultatmål, eller nøkkeltal, jfr. side 3 i årsrapporten. Nokon av desse nøkkeltala er nødvendigvis ikkje heilt samanliknbare med tilsvarande nøkkeltal hos andre bankar. Her følger definisjonar av nytta nøkkeltal i Etne Sparebank:

Nøkkeltal	Definisjon
Innskotsdekning eigen balanse (%)	Innskot / Utlån eigen balanse
Innskotsdekning totale utlån (%)	Innskot / (Utlån eigen balanse + portefølje balanseført i Verd Boligkreditt)
Rentenetto* i % av gjennomsnitt forvaltningskapital	(Netto renteinntekter / dagar hittil i år * 366) / Gjennomsnitt balanse



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

Driftskostnader i % av driftsinntekter eks verdipapirer	Driftskostnader / (Sum netto driftsinntekter – Netto inntekter verdipapirer)
Resultat* før skatt i % av gjennomsnitt forvaltningskapital	(Resultat før skatt / dagar hittil i år * 366) / Gjennomsnitt balanse
Eigenkapitalrentabilitet** etter skatt (%)	(Resultat etter skatt / dagar hittil i år * 366) / (sum balanseført eigenkapital)

\*Frå og med 2020 inngår ikkje rentekostnadene knytt til banken sin utstedte fondsobligasjon (hybridkapital) i banken sin oppstilling over rentekostnader, og vert difor ikkje rekna med i resultatet. Rentene vert rekneskapsført som en disponering av resultatet som følge av at fondsobligasjonslån vert klassifisert som en del av banken sin eigenkapital i rekneskapen (IFRS). I 2019 og tidlegare år ble renter knytt til banken sin utstedte fondsobligasjonar rekneskapsført som en rentekostnad, og fikk følgelig også resultat effekt. Konsekvensen av denne prinsippendinga i 2020 i forhold til 2019 er cirka 3 basispunkter på rentenettoen og resultatet som andel av gjennomsnittlig forvaltningskapital.

\*\*Frå og med 2020 er banken sin utstedte fondsobligasjon klassifisert som eigenkapital i rekneskapen (IFRS). I 2019 og tidlegare år har banken sin utstedte fondsobligasjon ikkje blitt klassifisert som eigenkapital i rekneskapen. Konsekvensen av denne prinsippendinga i 2020, samt endringa i rekneskapsføringa av renter knytt til fondsobligasjonar, medfører at rapportert eigenkapitalrentabilitet vert redusert med 88 basispunkter i forhold til berekningsmetoden i 2019 og tidlegare år.

## Styring av risiko

Risiko er eit sentralt tema ved å drive bankvirksomhet, og risikostyring og kontroll er grunnleggjande for den daglige drift av banken og styret si oppfølging. Banken si risikostyring og internkontroll skal bidra til at banken sin risiko vert styrt på ein måte som understøttar banken sine strategiske målsetjingar, samt bidrar til å sikra banken sin langsiktige verdiskapning. Dei overordna råmer for banken sin risikoeksponering og styring vert vurdert og fastsatt årleg gjennom banken sine styrande dokument. Banken har ein kontinuerlig prosess for å vidareutvikle og forbetra banken sin risikostyring.

Styret har vedtatt prinsipp for banken sin risikostyring gjennom ulike styringsdokument. Desse vert følgt opp gjennom regelmessig internkontroll og resultatata vert rapportert til styret. Dokumenta og risikoanalysane vert oppdatert kvartalsvis, og skal dekkja alle vesentlege aktivitetar. Desse er ein viktig del av banken sitt kvalitetssikringssystem. De viktigaste risikotypene for banken er:

## Kredittrisiko

Kredittrisiko vert definert som risikoen for tap som følge av at kundar eller andre motpartar ikkje har evne eller vilje til å overhalde sine forpliktingar, og at stilte sikkerheter ikkje dekker uteståande fordringar.

I banken sin kredittpolitikk som er vedteken i styret i Etne Sparebank har me som mål å halda den reelle risikoen på eit akseptabelt nivå, både gjennom vurdering av nye engasjement og oppfølging av eksisterande. Den kvartalsvise verddivurderinga på utlån og garantiar og den daglege kontakten med enkeltkundar og oppfølging elles, meiner me er med på å gi oss ei god føling med utviklinga i risikoen. Ved innvilging av nye lån vert det lagt vekt på kunden si betalingsevne og erfart vilje i tillegg til formell sikkerheit.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

Misleghald og overtrekk vert overvaka nøye, og styret får førelagt oversikt vedkommande misleghald og overtrekk kvartalsvis. Styret får også rapportert risikoklassifisering av alle store løpande engasjement minst kvart kvartal.

## Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri forpliktingar og/eller ikkje evner å finansiere auke i eignelutar, herunder ønska vekst, utan at det oppstår vesentlege auka kostnader i form av prisfall på eignelutar som må realiserast, eller i form av auka finansieringskostnader.

Etne Sparebank reduserer likviditetsrisikoen til dømes med følgande tiltak:

- Trekkrettighet/kreditt på oppgjerskonto
- Moglege engasjement for overføring til Verd Boligkreditt
- Likviditetsreserve i innskot i sentralbanken for å oppfylle likviditetsbehovet
- Likviditetsreserve i plassering i likvide og sikre verdipapir
- Differensierte finansieringskjelder
- Fordelte forfallstidspunkt
- God innskotsdekning
- Internkontrollordningar og beredskapsplanar for å handtere likviditetsrisiko

Se note 8 for meir opplysningar om likviditetsrisiko.

## Marknadsrisiko

Marknadsrisiko oppstår som følge av åpne posisjoner i valuta, rente- og eigenkapitalinstrument. Risikoen er knytt til tap som følge av svingingar i marknadsprisar og kursar. Styret har etablert retningslinjer for kva som er akseptabel risiko på ulike delområder. Marknadsrisiko består av renterisiko, valutarisiko og aksjekursrisiko.

## Renterisiko

Renterisiko oppstår ved at det er ulik rentebindingstid på banken sine fordringar og gjeld. For banken gjeld dette i første rekke fastrentelån og fastrenteinnskot. Ved utgangen av 2020 har me ikkje fastrenteinnskot og difor ikkje risikoeksponering her. Ordinære fastrentelån utgjer kr. 55,73 mill. og har ei gjennomsnittleg attverande løpetid fram til renteregulering på 1,08 år. Ved ei renteendring på 2 %, vil renterisikoen her vera kr. 1,21 mill. Resten av innskot og utlån er til flytande rente. Ved svingingar i marknaden kan renta endrast på relativt kort varsel og medfører dermed ikkje nokon vesentleg renterisiko. Renterisikoen på verdipapir er knytt til obligasjons- og rentefondbeholdninga på kr. 161,64 mill. Gjennomsnittleg attverande løpetid fram til renteregulering er 0,19 år. Ved ei renteendring på 2 % skulle renterisikoen bli om lag kr. 0,63 mill. Netto renterisiko totalt er kr. 0,95 mill.

Etne Sparebank nyttar ikkje rentesikringsinstrument.

Se note 8 for meir opplysningar om renterisiko.

## Valutarisiko

Valutarisiko er definert som risikoen for tap som følge av kursendringar knytt til valutaplasseringar. Banken har ikkje plasseringar i annan valuta enn NOK. Banken har ikkje valutabeholdning, utanom ein liten behaldning av reisevaluta.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

## Aksjekursrisiko

Aksjekursrisiko vert definert som risikoen for tap som følge av kursendingar knytt til plasseringar i aksjar, aksjefond og eigenkapitalbevis.

## Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er risikoen for tap som følge av utilstrekkelige eller sviktande prosessar eller system, menneskelige feil eller eksterne hendingar. Etne Sparebank styrer og handterer operasjonell risiko gjennom hendingsrapportering, AHV-oppfølging, GDPR-rutinar og IT sikkerheitsrutinar.

## NOTE 2 KREDITTRISIKO - UTLÅN OG GARANTAR

### 2 a Verdsetting og definisjon

Kredittrisiko oppstår i hovudsak i banken sin utlånsportefølje, samt at det er kredittrisiko i banken sin beholdning av obligasjonar, sertifikat og finansielle derivat. Kredittrisiko er det vesentlegaste risikoen for banken og består i hovudsak av netto utlån til kundar, kontantar og fordringar på sentralbankar. Det knyter seg i tillegg kredittrisiko til utstedte finansielle garantiar og lånetilsegn.

Banken sin maksimale kreditteksponering per 31.12.2020:

	31.12.2020
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	105.121
Utlån til kundar	1.507.761
Sertifikat og obligasjonar	673
Renteberande fond	161.629
Andre eignelutar	
<b>Sum kredittrisikoeksponering på banken sin balanse</b>	<b>1.775.184</b>
Innvilga unytta kredittar	157.242
Garantiar	11.109
<b>Sum kreditteksponering utanfor banken sin balanse</b>	<b>168.351</b>
<b>Banken sin totale kreditteksponering</b>	<b>1.943.535</b>

For å redusere kredittrisikoen vert nytta sikkerheter som kan vera fysisk sikkerhet, garantiar og kontantdepot. Fysisk sikkerhet skal som hovudregel vera forsikra og kan blant anna vera bygningar, bustader eller varelager. Ved vurdering av sikkerhetenes verdi på BM legg ein til grunn ein forventa realisasjonsverdi, noko som indikerer bruk av ulike reduksjonsfaktorar for ulike sikkerhetstypane. Sikkerhet på BM er i hovudsak eigeidom og varige driftsmidlar. For varige driftsmidlar er standard reduksjonsfaktor 80% og næringsseigeidom 20%. På PM er sikkerhet i all hovudsak bustadeigeidom og her vert det nyttas marknadsverdi der kvartalsvis vurdering av oppdaterte marknadsverdiar frå eigeidomsverdi vert nytta.

Nedanfor omtales styring og handtering, samt måling av kredittrisiko for utlånsportefølja.

### Risikoklasser

Ved etablering av eit kundeforhold får kundane ein score. Engasjement i risikoklasse A har låg risiko, medan engasjement i risikoklasse K er misleghaldne engasjement. Det vert skild mellom kundar innanfor privatmarknaden (PM) og bedriftsmarknaden (BM). Modellane vert validert for sin forklaringskraft årleg og vert justert om nødvendig. Etne Sparebank nyttar PD.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

For nyetablerte føretak utan avlagt rekneskap eller kundar som ikkje har avlagt rekneskap vert nytta en eigen BM-modell med 3 variablar som setter søkelys på purringar, kassakredittar samt vurderingar frå inkassoselskap.

Risikoklasser BM		Risikoklasser PM	
Risikoklasse	PD	Risikoklasse	PD
A	0,000	A	0,000
B	0,175	B	0,010
C	0,375	C	0,250
D	0,630	D	0,500
E	1,000	E	0,750
F	1,630	F	1,250
G	2,500	G	2,000
H	4,000	H	3,000
I	6,500	I	5,000
J	20,000	J	8,000
K	Misleghald	K	Misleghald

Risikoklassifiseringa har betydning for oppfølgingsnivået til kunden, og inngår som et kriterium ved kredittvurdering og kredittavgjerd. Risikoklassifiseringa har også betydning for rentefastsettelsen. Endringar i risikoklassifiseringa har betydning ved vurdering av om det har skjedd ei monaleg auke i kredittrisiko.

#### Nærmare om tapsgradsmodellen

Banken nyttar ein tapsgradsmodell, levert av TietoEvry, hvor banken avgjer alle føresetnadene for berekninga av tapa. Modellen bygger på kunde- og kontohistorikk for hele banken sin kredittportefølje, utlån, kredittråmer og garantiar. Banken fastsetter ulike tapsprosentar for ulike segmenter. Banken har vald å dele opp i følgjande segmenter; PM, BM og lån overført til Verd Boligkreditt.

Avsetninga til forventa tap kjem fram gjennom produktet av tapsgrad \* faktor \* sannsynlighet. Det er lagt til grunn 3 scenario der faktor og sannsynlighet varierer mellom scenarioa. Det er lagt til grunn basisscenario (forventa scenario), pessimistisk scenario og optimistisk scenario.

For 2020 har banken lagt til grunn følgjande føresetnader:

BM			
Scenario	Tapsgrad	Faktor	Sannsynlighet
Pessimistisk	0,4%	3	20%
Basis	0,4%	1	70%
Optimistisk	0,4%	0,5	10%

PM			
Scenario	Tapsgrad	Faktor	Sannsynlighet
Pessimistisk	0,04%	3	20%
Basis	0,04%	1	70%
Optimistisk	0,04%	0,5	10%



Lån overført til Verd			
Scenario	Tapsgrad	Faktor	Sannsynlighet
Pessimistisk	0,04%	3	20%
Basis	0,04%	1	70%
Optimistisk	0,04%	0,5	10%

Tapsgrad er fastsatt basert på historiske tapsrater for banken i perioden 1990-2019.

Tapsgraden vert justert ved at den vert multiplisert med ein faktor som tar omsyn til forventa utvikling i ulike makrovariablar som vert ansett å ha påverknad på forventa tap. Makrovariablar som vert nytta er bustadpris, arbeidsløyse, oljepris og rentenivå. I det pessimistiske scenarioet er det forventa at tapa vert 3 gonger så høge som tapa i basisscenarioet, medan i det optimistiske scenarioet er det forventa at tapa vert halvparten av tapa i basisscenarioet. Faktiske observerbare tal for dei ulike makrovariablane vert henta frå SSB, Oslo Børs og NAV. I tillegg ser ein på det hen til stresstestar utarbeidet av Finanstilsynet.

Banken ser for seg følgjande makrovariablar i de ulike scenarioa:

	Optimistisk	Basis	Pessimistisk
Arbeidsledighet	0-2%	2-4	4% -
Utlånsrente	0-3%	3-6	6% -
Oljepris	80 USD -	50-80	0-50 USD
Bustadpris	1% -	1-(1)	(1%) -

For engasjement i trinn 1 er tapsavsetninga lik 12 månaders forventa tap. Engasjementet får ein tapsavsetning som tilsvarer engasjementet sin storleik på balansedagen multiplisert med tapsprosenten som gjelder for det aktuelle segmentet engasjementet tilhøyrer.

I trinn 2 i tapsmodellen vert utlån plassert som har hatt en vesentleg auke i kredittrisiko sidan førstegongsinnrekning, men der det ikkje er objektive bevis på tap.

Følgjande kriterier må vera oppfylt for at det har skjedd en vesentlig auke i kredittrisiko:

- Forverring av 2 klasser i risikoklassifiseringssystemet, eller
- Kontraksregulert betaling har forfalt for meir enn 30 dagar sidan, eller
- Lånet er merka med forbearance

Engasjement i trinn 2 får utrekna en tapsavsetning som tilsvarer forventa tap over levetida til engasjementet. I praksis inneber dette at engasjementets storleik multipliseres med tapsgraden som gjeld for det aktuelle segmentet og vidare multipliseres med gjennomsnittlig levetid for lån i banken. Gjennomsnittlig levetid er med bakgrunn i historikk utrekna til 4 år.

I trinn 3 i tapsmodellen er dei utlåna som har hatt en vesentleg auke i kredittrisiko sidan førstegongsinnrekning av engasjementet, og der det er objektive bevis på tap på balansedato. Der det er objektive bevis for tap er lånet misleghaldt. Misleghald inntreff ikkje seinare enn når kontraksregulert betaling har forfalt med 90 dagar.

Et engasjement kan også anses som misleghaldt dersom:

- Motparten har svekka kredittverdighet



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

- Banken har grunnlag for å anta at det vil bli opna gjeldsforhandling, konkurs eller offentlig administrasjon hos motparten
- Banken avtaler endringar i vilkåra som følge av betalingsproblem hos motparten, og det må antas at dette reduserer verdien av kontantstraumane med et ikkje uvesentlig beløp

Engasjement i trinn 3 vert rekna på same måte som i trinn 2 ved bruk av tapsgradsmodellen.

Dersom vilkår og betingelsar på ein kunde sin lånekontrakt vert endra på grunn av at kunde har fått betalingsproblem, herunder avdragsfrihet som skyldast redusert betalingsevne (forbearance) så skal lån der endringa er innvilga merkast og rapporterast som misleghald; sjå omfang pr 31.12.20 i tabell under. Følgjande kan ein forstå som som betalingslettelse:

- o Innvilging av overhopp eller avdragsfri periode på 3-6 månadar eller meir. Innvilging av kortare avdragsfrie periodar kan rapporterast dersom det vert vurdert som ein reell betalingslettelse.
- o Innvilging av forlenging av gjenværande løpetid (reduksjon av terminbeløp) på lån med ett år eller meir, eller der forlenginga av løpetiden utgjør 20 % eller meir av gjenværande løpetid.
- o Nedsettjing av rente til lågare rente enn ordinære marknadsvilkår for denne type finansiering.

#### Nærmare om kontantstrømmodellen

Kontantstrømmodellen vert nytta for engasjement i trinn 3 (jfr forklaring over for når det vert nytta modellavsetning og når det vert nytta en kontantstrømmodell). Framtidige forventa kontantstraumar (som inkluderer forventa kontantstraumar frå realisering av sikkerheter) vert neddiskontert til nåverdien og sammenlignes med balanseført verdi.

#### Tilfriskning

For at engasjement skal kunne migrere positivt (tilfriskning), må redusert kredittrisiko vera målt over tid. For migrasjon frå trinn 2 tilbake til trinn 1, gjeld ein karantenetid på 3 månader. Dette medfører at dersom ein variabel som fører til at engasjementet er flytta frå trinn 1 til trinn 2 pga forbearance, ikkje lenger skulle gjelde, vert ikkje engasjementet flytta attende til trinn 1 før 3 månader etter at forbearance-markeringen er fjerna. For migrasjon ut av trinn 3 og tilbake til trinn 2 eller 1 gjeld subjektive vurdering utan karantenetid. Det er sjeldan med slik positiv migrasjon ut av trinn 3.

#### Bruk av lavrisikountaket

Banken nyttar ikkje lavrisikountaket. Uavhengig av kor låg kredittrisikoen er på rapporteringstidspunktet vil det bli vurdert om det har skjedd ein vesentleg auke i kredittrisiko frå førstegongsinnrekning. Dersom det har skjedd ein vesentleg auke i kredittrisiko vil engasjementet flyttast frå trinn 1 til trinn 2.

#### Validering

Input og føresetnader i modellen vert gjennomgått minst årleg eller når andre hendingar skulle tilseie ei endring.

#### Overvåking

Overvåking av kredittrisiko og oppfølging av tapsutsatte engasjement vert tillagd stor vekt i banken. Kredittrisiko vert overvaka mellom anna gjennom kvartalsvis rapportering til styret over dei mest risikoutsatte engasjementa. Det vert fokusert på engasjement med svak risikoklassifisering. Restansar på lån og overtrekk på konti vert overvaka løpande.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

## Endringar i modellen

Ved endringar i berekningsmetodane eller vesentlig føresetnader i rapporteringsperioden, vert dette informert om, jfr. IFRS 7.35Gc).

Utbruddet av covid-19 pandemien har ført til et kraftig økonomisk tilbakeslag og betydelig usikkerhet om den økonomiske utviklinga både internasjonalt og nasjonalt. Med utsikter til betydelig svakare økonomisk utvikling enn forventta ved inngongen til 2020, er det grunn til å tru at andel lån som vert ansett å ha auka kredittrisiko eller vert ansett kredittforringa, aukar. Det er også i Etne Sparebank innvilga noko rente- og avdragsutsettingar til lånekundar. Desse er merka for betalingslettelsar og vil avdekkast i analyse av porteføljekvalitet og vert tidleg identifisert ved evt betalingsproblemer og misleghald. Omfanget er imidlertid ikkje stort og har i liten grad ført til auke i andelen misleghaldne lån pr 31.12.2020.

Det vert foretatt kvartalsvis vurdering av kvar enkelt låntakar der det er innvilga avdragsfrihet eller andre endringar i vilkåra og låna vert merket for betalingslettelsar og evt merka som misleghaldt ref. identifisering av misleghaldne engasjement iflg. Rundskriv 4/2020 frå Finanstilsynet.

Engasjement med avdragsfrihet	31.12.2020
Totalt	145.710

Lån med betalingslettelsar	31.12.2020
Totalt	9.760
Herav Trinn 2	5.040
Herav Trinn 3	4.440

## Hovudprinsipp for måling av utlån og garantiar pr 31.12.2020

Etter utlånsforskrifta skal utlån ved etableringstidspunktet vurderast til verkeleg verdi med tillegg av eventuelle direkte transaksjonsutgifter som banken har. Etableringsgebyr, provisjonar og liknande kan resultatførast direkte dersom dei ikkje overstig interne administrative utgifter som kjem som følge av oppretting av låne-engasjementet. Då etableringsgebyret i Etne Sparebank ikkje overstig transaksjonskostnadene og andre administrative utgifter, vert etableringsgebyret resultatført direkte.

Utlån skal ved etterfølgjande måling vurderast til amortisert kost. Med amortisert kost meiner ein balanseført verdi ved første gongs måling, justert for mottekne avdrag, eventuell akkumulert periodisering av gebyr, provisjonar og liknande, og dessutan eventuell nedskrivning for tap.

Det skal føretakast nedskrivning for tap når det ligg føre objektive bevis for at utlån eller ei gruppe av utlån har verdifall. Nedskrivninga vert rekna som forskjellen mellom balanseført verdi og nåverdien av berekna framtidige kontantstraumar neddiskontert med effektiv rente. Det må vera ei eller flerie hendingar som har kome til etter første gongs måling av utlånet, og tapshendinga må ha innverknad på dei framtidige kontantstraumane for lånet dersom det skal vera grunnlag for å rekna verdifall. Uvisser om framtidige hendingar skal ikkje avspeglast i form av ekstra nedskrivningar, men det må takast omsyn til ved at banken har ein tilstrekkeleg høg eigenkapital.

Det skal føretakast avsetning for garantiplikt dersom det er sannsynlig at plikta vil koma til oppgjer. Regresskrav knytt til garanti der det er føreteke avsetning, skal balanseførast som ein eignedel når det når det er mest sannsynleg at regresskravet vil vert oppgjort. Etter at banken har føreteke utbetaling under ein garanti, skal regresskravet vurderast i samsvar med føresegnene om utlån.



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

Renteinntekter på nedskrivne utlån skal resultatførast ved å bruka effektiv rentemetode.

### Retningslinjer

Banken har interne retningslinjer for vurdering og verdsetjing av engasjement i samsvar med Finanstilsynet si utlånsforskrift. Alle utlån der det ligg føre objektive bevis for ei framtidig tapshending vil bli vurdert individuelt. Utsette engasjement vert vurdert fortløpande, og minimum kvartalsvis. Dersom det kan dokumenterast at eit utlån har verdifall vert det føreteke ei nedskrivning. I vurderinga vert det tatt omsyn til deponerte sikkerhetar, og ein nøktern salsverdi medrekna salskostnader. Rekneskap vert vurdert i den grad desse er aktuelle. For personlege engasjement vert kunden sin personlege økonomi vurdert i staden for rekneskap.

Objektive bevis for at eit utlån har verdifall inkluderer observerbare data banken har kjennskap til om mellom anna følgjande tapshendingar:

- Vesentlege finansielle problem hjå debitor
- Betalingsmisleghald på engasjementet og andre vesentlege kontraktsbrot.

Etter IAS 39 skal nedskrivning for tap berre finne stad når det er objektive bevis for at ei tapshending har intruffe. Tapsavsetningar etter IFRS 9 standarden skal baserast på forventa tap. Dette inneber at tapsberekningane må utførast modellbasert. Ein modell for dette er utvikla av TietoEVRY i samråd med DSS og dei enkelte bankane.

### Engasjement

Engasjement vert definert som garantiar, utlån og unytta trekkrettar medrekna opptente, men ikkje betalte renter, gebyr og provisjonar.

### Konsentrasjonsrisiko

Konsentrasjonsrisiko er når betydelige konsentrasjonar av risiko kommer som følge av at banken har eksponering mot debitorar med liknande økonomiske eigenskaper eller som er involvert i samanliknbare aktiviteter der desse likhetene gjer at dei samstundes får problem med å halde betalingsforpliktingane sine. For å vurdere og styre konsentrasjonsrisiko vurderer banken følgjande forhold:

- Store enkeltkundar
- Bransjekonsentrasjon
- Geografikonsentrasjon
- Sikkerhet med same risikoeigenskaper (t.d eigedom)

Banken nyttar same metode som Finanstilsynet for berekning av konsentrasjonsrisiko. Tabellane som følger under syner konsentrasjonar av risiko, fordelt på kundegrupper og geografi. Tabellane syner engasjement fordelt på utlån, finansielle garantikontrakter og lånetilsegn. Tala i tabellen er brutto balanseført verdi for utlån og eksponeringa for kredittrisiko for finansielle garantikontrakter og lånetilsegn.

### Nedskrivning på grupper av utlån

Ved vurdering av nedskrivningar på grupper av utlån vert utlåna delt inn i grupper med tilnærma lik risikoeigenskapar med omsyn til debitorane si evne til å betale ved forfall. Banken føretar gruppenedskrivningar etter erfaringstal for misleghald og ut frå ei tru om at tapshendingar har funne stad, utan at desse er kome til kunnskap. Dette vert grunngeve med at det tar tid frå ei tapshending finn stad før dette vert fanga opp i risikoklassifiseringssystemet. Nedskrivne beløp vert rekna på grunnlag av underdekning av depotverdiar som vert multiplisert med ein faktor som gjenspeglar forventa tap innafor same risikoklasse. Dette resultatet vert nåverdiderekna i forhold til ei forventa



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

løpetid og historisk effektiv rente. Tabellane under syner endringane i perioden i nedskrivningar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettigheitar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

- Overføring mellom steg på grunnlag av endring i kredittrisiko, frå 12 månaders forventa tap på kreditt i steg 1 til tap på kreditt over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar på grunnlag av endringar i inputvariablar, føresetnadar for berekningar, makroøkonomiske føresetnadar og effekten av diskontering.

	Trinn 1 12 mnd tap	Trinn 2 Livstidstap	Trinn 3 Livstidstap	Totale nedskrivningar
<b>Forventa tap</b>				
Tapsavsetningar pr 01.01.2020 Inngående balanse	1.674	205	1.139	3.018
Endring som følgje av nye eller økt lån/kreditt/garanti				
Endringar med resultatteffekt:				
Overført til trinn 1	1.017	-166	-851	0
Overført til trinn 2	-22	23	-1	0
Overført til trinn 3	-49	-13	62	0
<b>Netto endring</b>	<b>-1.398</b>	<b>16</b>	<b>2.332</b>	<b>950</b>
Nye tap (nye lån)	620	5	96	721
Fråregna tap	-257	-7	-47	-311
Konstatert tap			-2.142	-2.142
Inngått på tidlegare konstatert tap				
Endring i risikomodell/parametere	596	18	103	717
Andre endringar				
Tapsavsetningar pr 31.12.20	2.181	81	691	2.953
Herav personmarked	1.611	56	686	907
Herav bedriftsmarked	570	25	5	2.046
Herav lån overført til Verd Boligkreditt AS	0	2	0	0

	Trinn 1 12 mnd tap Sum utlån	Trinn 2 Livstidstap Sum utlån	Trinn 3 Livstidstap Sum utlån	Totalt Sum utlån
<b>Utlånsvolum fordelt på trinn</b>				
Inngående balanse 01.01.2020	2.150.672	54.259	41.840	2.246.771
Overført til trinn 1	29.125	-22.050	-7.075	0
Overført til trinn 2	-45.005	46.110	-1.105	0
Overført til trinn 3	-18.474	-8.672	27.144	-2
<b>Netto endring</b>	<b>-113.959</b>	<b>-1.468</b>	<b>-1.580</b>	<b>-117.007</b>
Nye tap (nye lån)	604.704	1.969	7.947	614.620
Fråregna tap	-456.951	-9.521	-5.081	-471.553
Konstatert tap				
Inngått på tidlegare konstatert tap				
Endring i risikomodell/parameterar				
Utgående balanse 31.12.2020	2.150.112	60.627	62.090	2.272.829
Herav personmarked	1.161.270	19.626	16.067	1.196.963
Herav bedriftsmarked	272.062	3.195	38.101	313.358
Herav lån overført til Verd Boligkreditt AS	716.779	37.806	7.922	762.507



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

## MISLEGHALDNE ENGASJEMENT

Eit engasjement vert vurdert å vera misleghalde når kunden ikkje har betalt forfalt termin innan 90 dagar etter forfall, eller når ein råmekreditt samanhengande har stått overtrekt i 90 dagar eller meir. Tal i 1.000.

Misleghaldne engasjement	2020	2019	2018	2017	2016
Næringslån	122	108	0	2.986	5.902
Nedskrivning næringslån	0	0	0	690	1.190
Privatlån	3.684	4.482	6.225	5.947	1.755
Nedskrivning privatlån	243	850	700	0	0
Netto misleghaldne engasjement	3.563	3.740	5.525	8.243	6.467
Brutto misleghaldne engasjement	3.806	4.590	6.225	8.933	7.657
Nedskrivning misleghaldne engasjement	243	850	700	690	1.190
Tapsavsetjingsgrad	6%	19%	11%	8%	16%

## TAPSUTSETTE ENGASJEMENT

Tapsutsette lån er lån som ikkje er misleghaldne, men der den økonomiske situasjonen til kunden gjev grunn til å tru at det er stor risiko for tap på eit seinare tidspunkt. Heile engasjementet til kunden vert då vurdert som tapsutsett. Tal i 1.000.

Tapsutsette engasjement	2020	2019	2018	2017	2016
Næringslån	0	0	680	4.843	2.778
Nedskrivning næringslån	0	0	0	4.050	1.950
Privatlån	50	50	5.199	0	203
Nedskrivning privatlån	50	50	0	0	255
Netto tapsutsette engasjement	0	0	5.879	793	776
Brutto tapsutsette engasjement	50	50	5.879	4.843	2.981
Nedskrivning tapsutsette engasjement	50	50	0	4.050	2.205
Tapsavsetjingsgrad	0%	0%	0	84%	74%

## KONSTATERTE TAP

Tap vert vurdert som konstatert ved stadfesting av akkord eller konkurs, ved at utleggsforretningar ikkje har ført fram, ved rettskraftig dom, ved at banken har gitt avkall på heile eller delar av engasjementet, ved tapte lån der ein framleis har juridiske rettigheter og dermed muligheit til framtidig innbetaling frå konstatert tap eller at engasjementet av andre grunnar er vurdert som tapt. Tal i 1.000.

	2020	2019	2018	2017	2016
Konstaterte tap	3.232	138	5.517	3.139	5.093



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

## INDIVIDUELL NEDSKRIVING

Individuell nedskrivning er avsetjing til dekning av pårekna tap på engasjement som er identifisert som tapsutsett på balansedagen. Tal i 1.000 og etter amortisering.

	2020	2019	2018	2017	2016
Individuell nedskrivning	673	923	700	4.740	2.888

## GRUPPEVIS NEDSKRIVING

Gruppevis nedskrivning er avsetjing til dekning av pårekna tap som må reknast å inntreffa på engasjement som ikkje er identifisert og vurdert. Tal i 1.000.

	2020	2019	2018	2017	2016
Gruppevis nedskrivning	2.262	1.090	1.225	1.025	2.010

## NULLSTILLING AV RENTER/IKKJE RENTEBERANDE LÅN

Inntektsføring av ubetalte renter, provisjonar og gebyr på misleghaldne engasjement vert stoppa dersom det er forventa at delar av engasjementet kan gå tapt. Samtidig vert tidlegare inntektsførte, ikkje betalte renter, provisjonar og gebyr for inneverande år tilbakeført. Tal i 1.000.

	2020	2019	2018	2017	2016
Rente nullstilte lån	0	0	0	0	0

## FRISKMELDING

Friskmelding av tidlegare tapsavsette lån skjer når dette er kome i orden ved at gjeldande betalingsplan er følgd, og engasjementet ikkje lenger er tapsutsett. For å sikra at friskmeldinga er reell, skal det normalt gå 6 mnd frå engasjementet er ordna til friskmeldinga skjer, samtidig som ein har forventningar om at kunden også framover vil følgja den avtala betalingsplanen. Når tidlegare tapsavsetjing vert tilbakeført, vert også tidlegare ikkje inntektsførte renter tekne til inntekt og ført som renteinntekter.

## NOTE 2 B TAP PÅ UTLÅN

	2020	2019
Individuell nedskrivning 01.01	922	700
+ Nye individuelle nedskrivningar i perioden	601	222
Tilbakeføring av individuelle nedskrivningar i perioden	-850	0
Amortisering endring	0	0
Individuell nedskrivning 31.12	673	922
	2020	2019
Gruppenedskrivningar 01.01	1.090	1.225
Endring i perioden	1.172	-135
Gruppenedskrivningar 31.12	2.262	1.090



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

	2020	2019
Endring i perioden i individuell nedskrivning	-249	222
Endring i perioden i gruppenedskrivning	1.172	-135
Konstatert tap med avsetning	2.137	143
Konstatert tap utan avsetning	0	0
Inngang på tidlegare konstatert tap	-10	-5
Amortisering	0	0
Tapskostnad i året	3.050	225

## NOTE 2 C UTLÅN OG GARNATIAK FORDELT ETTER NÆRING OG TAP PÅ UTLÅN

Utlån og garantiar fordelt etter næring. Alle tal i mill. kr

	Brutto utlån				Garantiar		Unytta kredittar	
	2020	%	2019	%	2020	2019	2020	2019
Personkunder	1.197	79%	1.213	80%	7	7	92	64
Primærnæringa	121	8%	111	7%	1	1	6	13
Industri/bergverk	4	0%	3	0%	0	0	0	3
Kraft	43	3%	45	3%	0	0	0	
Bygg og handel	43	3%	41	3%	1	3	9	4
Varehandel	35	2%	35	2%	0	0	0	3
Tenesteyting/transport	53	3%	16	1%	2	1	0	2
Eigedom	15	1%	62	4%	0	0	0	
Totalt	1.510		1.526		11	12	107	89

	Misleghaldne engasjement		Tapsutsette engasjement		Individuell nedskrivning		Gruppe-nedskrivning	
	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019
Personkunder	4	5			1	1		
Primærnæringa								
Industri/bergverk								
Kraft								
Bygg og handel								
Varehandel								
Tenesteyting/transport								
Eigedom								
Totalt	4	5	0	0	1	1	2	1



## NOTE 2 D UTLÅN OG GARANTIER FORDELT GEOGRAFISK

Utlån og garantier fordelt etter geografi (Utlån eigen bok etter overføring til Verd Boligkreditt).

Utlån eigen balanse	2020			2019			2018		
	Utlån	%	Garanti	Utlån	%	Garanti	Utlån	%	Garanti
Etne	812	54%	4	806	53%	5	863	56%	6
Vindafjord	162	11%	6	151	10%	5	141	9%	7
Andre Rogaland	106	7%	2	107	7%	2	107	7%	2
Andre Rogaland	248	16%	0	296	19%	0	274	18%	0
Andre fylke	182	12%	0	166	11%	0	146	10%	0
Totalt	1.510	100%	11	1.526	100%	12	1.531	100%	15

## NOTE 2 E UTLÅN OVERFØRT TIL KREDITTFØRETAK

Utlån overført til Verd Boligkreditt	2020		2019	
	Utlån	%	Utlån	%
Etne	349	46%	329	46%
Vindafjord	79	10%	82	12%
Andre Rogaland	79	10%	58	8%
Andre Rogaland	185	24%	167	24%
Andre fylke	70	9%	73	10%
Totalt	763	100%	709	100%

	2020	2019	2018	2017
Utlån næring	313	313	372	346
Utlån privat	1.197	1.213	1.158	1.217
Brutto utlån eigen bok	1.510	1.526	1.530	1.563
Portefølje Verd Boligkreditt	763	709	777	568
Portefølje Næringskreditt	0	0	10	10
Brutto utlån inkl. kredittføretak	2.273	2.235	2.317	2.141

Pr 31.12.2020 var bokført verdi av totale utlån seld til Verd Boligkreditt AS 763 mill. Pr 31.12.19 var bokført verdi av lån seld til Verd Boligkreditt AS 709 mill. Av overførte beløp skal banken finansiere minst 10%. Pr 31.12.20 var Etne Sparebank sin finansiering av Verd Boligkreditt AS 79,4 mill, mot 79,5 mill pr 31.12.19. Fordringa mot Verd Boligkreditt AS er bokført under netto utlån og fordringar på kredittinstitusjonar. Verd Boligkreditt AS er administrert av Sparebanken Vest på vegne av eigarbankane, og Etne Sparebank eig 7,8% i selskapet, tilsvarande 44.353 aksjar bokført til 48,91 MNOK.



## NOTE 2 F GARANTIAK FORDELT ETTER GARANTITYPE

	2020	2019	2018	2017
Betalingsgarantiar	1	1	2	2
Kontraktsgarantiar	0	0	2	2
Lånegarantiar	6	6	6	6
Transportgarantiar	0	0	0	0
Andre garantiar	5	5	6	5
<b>Totalt garantiansvar</b>	<b>12</b>	<b>12</b>	<b>15</b>	<b>15</b>

Garantiansvaret er ikkje kontragarantert av andre finansinstitusjonar.

## NOTE 2 G RISIKOKLASSIFISERING

Risikoklassifisering er fordeling av lån og garantiar i risikoklassar. Risikoklassifiseringsmodellen seier noko om sansynlegheita for at kundar går i misleghald dei neste 12 månadane, og rangerar kundane innbyrdes frå låg til høg risiko. Banken nyttar både auke i risikoklasse og forfalne beløp til å vurdere om kredittrisikoen har auka vesentleg sidan førstegongsinnrekning. For personmarknaden er modellen todelt. Modellen klassifiserar kundane i samband med søknad om lån (søknadsscore). Modellen tek då omsyn til interne data (dagar sidan sist purring, alder, snittsaldo siste 6 mnd og endringar i fyrstegongpurringar) og eksterne data (betalingsanmerkingar, inntekt delt på skatt siste år, formue siste år, endring i skattekasse siste år). I tillegg klassifiserar systemet kunden ein gong i mnd (proføljescore), som består av interne data (purrematrise, overtrekk, alder, nettbanktransar, snittsaldo siste 6 mnd, omsetnad debetkort og gj.snitt antal konti med negativ saldo siste 6 mnd).

Kundene vert ikkje klassifisert før dei får eit kredittengasjement. Før dei får kredittengasjement, vil det gå 6 mnd før dei får ein risikoklasse. I mellomtida vert kunden rapportert som uklassifisert.

Næringslivskundene vert også klassifisert ein gong pr mnd etter adferdsvariablar (purrematrise, betalingsanmerkingar, alder føretak) og rekneskapsvariablar (eigenkapital i prosent av totalkapital, likvidetsgrad, renteberande gjeld, eigenkapitalprosent, arbeidskapital/driftsinntekter og resultatgrad).

Eventuell pant eller annan sikkerheit som det enkelte engasjement er sikra med, verkar ikkje inn på risikoklassen. Derimot er det differansen mellom den enkelte sitt engasjement og realisasjonsverdien av pantsette aktiva som gjev eventuell underdekning. Rentefastsetjinga på lån er ikkje direkte avhengig av risikoklassifiseringa. Renta vert fastsett etter ei totalvurdering av formell sikkerheit og venta evne til å betala lånet tilbake.

Risikoklasse	2020		2019		Individuell nedskrivning	Individuell nedskrivning
	Kredittengasjement	% av totaleng.	Kredittengasjement	% av totaleng.		
Låg risiko	1.138	75%	1.137	75%		
Middels risiko	240	16%	281	18%		
Høg risiko	45	3%	63	4%		
Misleghald	4	0%	5	0%	1	1
Uklassifisert	83	5%	40	3%		
<b>Sum totalt</b>	<b>1.510</b>	<b>100%</b>	<b>1.526</b>	<b>100%</b>	<b>1</b>	<b>1</b>



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

## NOTE 2 H FINANSIELLE GARANTJAR OG PANTSETJINGAR

Etne Sparebank har avtale om juridisk sal av utlån med høy sikkerhet og pant i eigedom til Verd Boligkreditt AS (Verd) som er eigd av 9 frittstående sparebankar. I henhold til inngått forvaltningsavtale med Verd står de enkelte sparebankane for forvaltning av utlåna og opprettheld også kundekontakten. Bankane mottok eit vederlag i form av provisjon for dei plikter som følgjer med forvaltninga av låna.

Etne Sparebank har vurdert dei rekneskapsmessige konsekvensane slik at det vesentligaste av risiko og fordeler ved eigarskap knytt til de selde utlåna er overført, og det inneber full frårekning. Mottatt vederlag for lån som er overført til Verd tilsvarer bokført verdi av hovedstol inkl. påløpte renter og vert vurdert å samsvare med lånas verkelege verdi på overføringstidspunktet.

Eigarbankene innreknar alle rettigheter og plikter som vert skapt eller beholdes ved overføringen separat som eignelutar eller forpliktingar.

Hvis Verd får tap på overtatte lån har dei ein viss motregningsrett i provisjonar frå samtlige bankar som har overført lån. Det føreligg dermed ein begrensa gjenverande involvering knytt til selde utlån ved mulig begrenset avregning av tap mot provisjon. Denne motregningsadgangen anses imidlertid ikkje å vera av en slik karakter at den endrar på konklusjonen om at det vesentligaste av risiko og fordeler ved eigarskap er overført.

Dersom Etne Sparebank ikkje er i stand til å tene kundane, kan Verd overføre forvaltningsansvaret til en eller fleire øvrige eigarbankar, og retten til provisjon vil falle bort. Videre har Etne Sparebank en opsjon til å kjøpe tilbake utlån under gitte betingelser.

Banken sin eierandel i Verd Boligkreditt AS fremgår av note 4B.

## Verd Boligkreditt AS

Verd Boligkreditt AS har konsesjon som kredittføretak med rett til å utstede obligasjonar med fortrinnsrett (OMF), og erverver utlån med pant i bustader og utsteder OMF innanfor gjeldande regelverk. Verd Boligkreditt AS har en rating frå Scope Ratings på AAA med "stable outlook" frå mai 2019.

Lån seld til Verd er sikra med pant i bustad innanfor 75 prosent av dokumentert verdi på bustad. Selde lån er juridisk eigd av Verd, og Etne Sparebank har ingen rett til bruk av låna, utover retten til å forestå forvaltning og motta provisjon, samt rett til å overta heilt eller delvis nedskreven verdi.

Eigarbankene forestår forvaltninga av dei selde utlåna og mottar ein provisjon basert på nettoen av avkastninga på utlåna banken har seld og kostnadene i Verd.

Totalt er det fråregna bustadlån til Verd for 762,51 mill kroner ved utgangen av rekneskapsåret. Mottatt vederlag for lån overført frå banken til Verd tilsvarer nominell verdi på overførte utlån og vert vurdert tilnærmet sammenfallende med lånas verkelege verdi ved utgongen av 2020 og 2019. Etne Sparebank pliktar imidlertid å finansiere 10 % av det lånevolumet banken har overført Verd, og pr 31.12.20 utgjør denne finansieringa 79,36 mill kr. Beløpet inngår i balanseposten Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til amortisert kost.

